

## Fager er den himmel blå

Fager er den himmel blå  
sælt det er å skoda på  
kor dei gyldne stjernor blinkar,  
kor dei smiler, kor dei vinkar  
oss frå jordi upp til seg.

Det var midt i jolenatt,  
kvar ei stjerna blinka radt,  
men med eitt på himmelboge  
stråla det so bjart ein loge  
som ei liti stjernesol.

Når den stjerna ljøs og blid  
viste seg ved midnattstid,  
gjekk frå gamalt ordi slike  
at ein konge utan like  
skulde fødst på vår jord.

Vise menn frå Austerland  
ferdastaven tek i hand,  
denne kongen vil dei finna,  
denne kongen vil dei vinna  
og for honom bøygja kne.

Og til Davids by dei kjem,  
finn han der i Betlehem  
utan kongestav og krona,  
der det sit ei fatig kona,  
voggar barnet på sitt fang.

Stjerna leidde sant og visst  
vise menn til Jesus Krist,  
me hev og den same stjerna,  
vil me berre fylgja gjerna,  
finn me til vår Frelsar fram.

Denne stjerna bjart og mild,  
som kann aldri leida vill,  
er det glade og det store  
fagnabod i bibelordet  
til å lysa for vår fot.

Nikolai Frederik Severin Grundtvig,  
umsett til norsk av Anders Hovden,  
prenta i *Grundtvig på norsk*, utgjeve av  
Norrønalaaget Bragr i 1983.



### I dette nummeret:

Lars-Toralf Storstrand:	Brev til innbyggjarane i Oslo	s. 2
Olav Torheim:	Den økonomiske stoda i høgnorskrrøsla	s. 3
Lars-Toralf Storstrand:	Jesus og tidsperspektivet	s. 4
Anders Olsen:	Høgnorsk målbygnad	s. 6
Lars Bjarne Marøy:	Grundig etterpåklokskap	s. 8
Olav Torheim:	Felti ikring oss	s. 11
Lars Bjarne Marøy:	Tøyleslaus fantasi kring bibelske personar	s. 13

## Brev til innbyggjarane i Oslo

Av Lars-Toralf Storstrand

*Til innbyggjarane i den luten av kongeriket Norig, som altfor lenge hev gjenge i villska i den tru at Oslo er den mest sentrale parten av kongeriket Norig, fylgjer med dette eit vedtak um brigde som kjem til å verta sette i verk frå og med 1. januar 2007, klokka 00:00. I det fylgjande vert det framsett visse reglar som kjem til å verta handhevja med autoritet.*

1. Frå og med klokka 00:00 den 1. januar 2007, vert Norig eit eitt-språks rike, der det ved log vert forbode å skriva eller prenta noko anna mål enn norsk (bokmål er som kjend eit avbrigde av dansk). Alle bøker prenta etter 2000, og som framleides finst på bokmål, kjem frå og med denne dato, grunna utvida rovdraft på norsk skog, til å verta resirkulerte for å brukast til uppattprenting av bøker på norsk.

2. Språkrådet kjem beinveges til å verta nedlagd. Norsk mål skal frå framtid få lov å utvikla seg fritt - ikkje logregulert. Umsetjing av utanlandske ord og namn, og dessutan alle former for vidare norvagering, vert forbode. I staden skal det skipast eit organ (enno ikkje namngjeve) som skal ha i oppgåva å laga nye norske ord. Det kjem kor som er til å vera friviljug um ein vil nytta seg av norske nyord eller framan-dord, berre ein gjer dette gjennomført.

3. Alle som tidlegare hev skriva bokmål kjem til å få tilbod um ekstraundervisning for å læra seg å skyna at 'y' i mange høve er skrivemåten for 'lang ø' og at ord som 'yver' og 'byrja' skal uttalast deretter.

4. Tjukk 'l' i staden for 'r' kjem til å verta forbode. Logi si strengaste straff kjem til å verta handhevja. 'nd' finalt i ord skal uttalast med stum 'd' ikkje som 'ng' (altså Grand Hotel, ikkje Grang Hotel). Kakao skal uttalast med trykk på fyrste stavingi og sekundærtrykk på hi.

5. Microsoft Corporation kjem til å verta pålagd å draga attende alle ordlistor for bokmål. Innan nye ordlister kjem på marknaden, lyt folk nøgja seg med Ivar Aasens "Norsk Ordbok" (1873) og Lars Eskeland si bok med same nemning (1921).

6. Alle som er fødde aust for Filefjell kjem til å få tilbod um ekstratimar i skilnaden millom 'lang e' og 'stutt e'. Ord som Kvinnherad og Kjerag skal som kjend uttalast beinveges, ikkje Kvinnhærad eller Kjæræg. Dette kurset kjem òg til å verta tilbode journalistar i elektroniske media.

7. Det kjem frå same dato til å verta forbode å framstella dialekttalende men-

neske som undermåls eller med lægre intellekt.

8. Filmen Kristin Lavransdatter kjem til å verta innspela på nytt, med nye skodespelarar i hovudrollone. Rollefigurane skal i filmen tala eit tilmåta tidrett mål. Ingen tala som kjend riksmål i Gudbrandsdalen på 1300-talet. 'Gjest Baardsen' kjem og til å verta innspela på nyo, denne gongen med hovudrolla på sognamål. Filmen kjem ikkje til å verta teksta for anna enn spesialvisingar for høyrselshemma.

9. Sjakk skal innanfor Norigs grensor verta utbytt med Hnefatafl (ogso kjent som 'tav'), eit spel som krev langt større taktisk og strategisk logikk og intelligens enn sjakk.

10. Frå og med same dato (sjå yver) kjem det ikkje til å vera råd å få kaupt 'chips' eller 'hot dogs' i Norig. Franske poteter og varme pylsor, derimot, kjem det til å vera rikesleg av. Pizza lyt vika plassen for fylde løfsor. Komplet listyver mat-slag og anna som endrar namn kjem til å finnast på nettstaden <http://heilnorskultur.no/>.

11. Til jol kjem det til å verta obligatorisk å eta anten pinnakjøtt eller torsk. På laurdagar kjem det på alle kafear berre til å verta servert graut til middag, og torsdagar berre komle (raspeball, klubb, kompe, ball, etc.) Linje Aquavit kjem til å skifta namn til Ekvatorial-aquavit til dess Arcus hev lærd å skyna at 'linja' ikkje er nærskyld med ekvator - men er det same som datolina.

12. Produksjon av øl kjem til å verta sterkt geografisk avgrensa. Dersom ølet smakar meir av vatn enn av humle, kann det ikkje kallast øl. Difor kjem Ringnes Bryggerier beinveges til å verta avvikla.

13. Det kjem framleides til å vera tillate å selja rusbrus i norske daglegvareforretningar, men han kjem for framtid til å heita 'brus med rus-smak'. Undantaket er Bacardi Breezer, som einast kjem til å verta seld i lukka lag tilknytte Landsforeiningi for lesbisk og Homofil Frigjerig.

14. Sidan Vestlandet etter korrekt geografisk innbolking høyrer heime under 'Greenwich Mean Time', kjem tidsoneoppkløyving til å verta innførd. Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder kjem til å verta påverka av endringi. Bruk av sumartid og all annan aktivitet som er i strid med Grundlogi §1 tek slutt frå same dato.

15. Oslo skal òg frå same stundi slutta

å vera landsens hovudstad. Fyrerangen kjem til å gå til Bergen by, der Tinghuset skal verta umbygt til Storting. Kongefamilien kjem til å verta tvangsflutt til Fjøsanger, der dei skal bu på Gamlehaugen. Dette er endå ein lekk i desentraliseringi. Dei som held hus i Tinghuset i Bergen kjem til å taka yver Statens Hus på Nonneseter i Bergen, med di fylkeskommunane like fullt kjem til å verta nedlagde frå same dato. Arbeidslause byråkratar kjem til å få tilbod um å vera med på å byggja ut infrastrukturen i og kring den nye hovudstaden.

16. I og med flytjingi av hovudstad kjem Oslo (slik New York vart det i filmen "Escape from New York" med Kurt Russell) til å verta innmurd attum ein 25 meter høg glatt mur med piggtådgerde og glasbrøt på toppen. Dette for å ha ein stad å halda uynskte individ som valdtekstforbrytarar, mordarar og Arbeiderpartipolitkarar burte frå resten av folket. Boge-korps-systemet i Bergen kjem til å verta eksportert til Oslo, for å verta teke i bruk i avhøyr av mistenkte. På denne måten fær me bukt med den aukande kriminaliteten i landet ved hjelp av avskrekking.

17. Gardermoen kjem til å verta nedlagd som hovudflyplass, og Flesland vert sett inn i staden for. Alle bompengetil-tak kjem til å verta nedlagde, med undantak av bomringen inn til eller ut frå Oslo, som berre vert bygd inn i ovannemnde mur.

18. NRK kjem til å verta gjort til betalings-TV, og flutt til ein annan eigna stad.

19. For framtid kjem det til å vera forbode å køyra andre bilar enn amerikanske SUV'ar. Dette er bilar som toler samanstyrtar av det slaget ein ofta fær på glatt norsk føre, og dei er godt eigna til ålmenn bruk på norske vegar utanfor Oslo-gryta, difor er dei mykje betre eigna enn japanske og tysk-produserte bilar. Slik kjem ein til å få realisert kuttet i talet på dødsulukkor i trafikken. For å gjera dette mogleg, kjem bilprisane samstundes til å verta utjamna, ved fjerning av alle avgifter, slik at bilar kjem til å kosta på lag 200 000 NOK, noko som òg fører med seg at jantelogi ikkje fær meir næring.

Me ynskjer Dykk alle hjartans til lukka med vedtaket, og måtte de ha ein fin dag.

*(Attdikting av Notice Of Revocation Of Independence, av John Cleese, førd i pennen av Lars-Toralf Storstrand (du trudde vel ikkje at dette var ålvorleg meint?))*

## Den økonomiske stoda i høgnorskrørsla

Av Olav Torheim

Den økonomiske stoda i høgnorskrørsla hev stundom vore eit heitt tema. Det hev vorte hævda at Marøy-fraksjonen i høgnorskrørsla hev førd rørsle mot økonomisk ruin og ymta um at dette er grunnen til at det er vandt å driva organisasjonsarbeid i høgnorskrørsla i dag. Korleides er so den økonomiske stoda i høgnorskrørsla?

I 2002 hadde Vestmannen yver 300 000 kroner på dei kontoane som var knytte til bladet. Bladet hadde um lag 400 tingar som svara bladpengar. Dersom ein skriv fram dette i dag, kjem 400 tingarar med bladpengar på 200 kroner - som stjorni no hev fastsett - til å gjeva 60 000 kroner. Attåt dette kjem gåvor. Det vil segja at Vestmannen skal ha umlag 70 000 kroner å rutta med årleg. Bladet kjem ut med i høgdi 6 nummer i året. Me veit ikkje kva det kostar å produsera Vestmannen pr. i dag, men Vestmannen nr. 1 2002 kosta um lag 7500 kr, inkludert porto. Dersom det nye prenteverket Bodoni Hus tek seg betre betalt, kann ein maksimalt tenkja seg at 6 nummer kjem til å kosta 60 000. Det vil segja at Vestmannen ber seg godt, jamvel med høge driftskostnader. Um nokon skulde ynskja det, kann Vestmannen koma ut med 10 nummer i året, so fram ein nyttar økonomisk magemål. Dessutan hev bladet ein stor kapitalbase.

Vestmannalaget hev dei seinste åri havt medlemstal på kring 200. Det vart oppgjeve 200 i årsmeldingi til Vestlandske Mållag for 2003. Med 150 kroner i lagspengar skulde inkomone berre i lagspengar vera på 30 000 kroner. Vestmannalaget hev dessutan råderetten yver Fritz Monrad Walles fond. Fondet hev ein reell verdi på meir enn ein million kroner, den røynelege verdien er vand å rekna ut. Det er uvisst og mykje umdryft korleides det skal gå med bygselstilhøvi. Dette hev vore eit kontroversielt spursmål millom politikarane longo. Fondet gjev under alle umstende ei årleg avkastning på kring 100 000 kroner som stjorni disponerar tolleg fritt. Det skulde vera meir enn nok til å halda drifti av Vestmannalaget gangande. Det er elles verdt å merka seg at Vestmannalaget dei seinste åri hev sett seg råd til å løyva pengar til tiltak som ligg utanfor lagsdrifti.

Vestlandske Mållag fær 7500,- kroner i årlege løyvingar frå Halldor O. Opedals fond. I 2003 vart det ikkje gjort nokor yverføring frå Opedalsfondet. Vestlandske Mållag hev soleides kunna innkassera 22 500,- kroner etter årsmøtet i 2004 då Marøy-fraksjonen drog seg attende. Det nykonstruerte Ivar Aasen-sambandet av 2004 hev truleg fenge same rettane

av Askeland-venene. Det vil segja at dette laget hev kunna innkassera 15 000 kroner. Dessutan hev det kome lovnad frå ein av fondsstyremennene i Opedalsfondet um ei tilførsle på 40 000,- kroner.

Norsk Bokreidingslag hev dei seinste åri fenge store tilførslor frå Fritz Monrad Walles fond. Dessutan tømde stjorni i Vestmannalaget Henrik Krohns og Hustrus Legat med di dei yverførde storluten av pengane i legatet til Norsk Bokreidingslag.

Grunnstolen til Halldor O. Opedals fond var pr. 31. desember i 2003 på 2.230 000. Endå fondet er eit fond for heile målrørsla, hev fondet jamnast havt økonomi til å hjelpa fram tiltak i høgnorskrørsla, so fram det hev vore gjort upptak til sovorne tiltak.

No er det på tale med eit nytt fond som kjem til å verta større enn dei hine pengekjeldone som er knytte til høgnorskrørsla. Vestmannafondet vart skipa sumaren 1998. Fondet er bygt upp kring ventnader til at ein rik gjevar i utlandet skal tilføra fondet ein sum pengar på millom 5 og 10 millionar kroner. Fem lag fekk styresmann i fondet: Det eine, Ivar Aasen-sambandet, hev sidan dette vorte nedlagt, men Jon Askeland og stydjespelarane hans hævda å halda fram drifti i det nedlagde laget.

Det var Jostein Krokvik som i samråd med fondsgjevaren forma ut fyresegner for fondet og som fekk tilliti til å kalla saman det fyrste og einaste fondsstyremøtet i 1998. Fondsstyret hev vore sovande i heile perioden som hev gjenge sidan den tid, og forretningsføraren hev fram til 2003 stade for utarbeiding av årsmelding, rekneskap og revisjon. I 2003 gav han fullmakt til styreformannen Jon Askeland som hev havt andsvar for å greida med det etterpå.

Formannen i eit fond hev andsvaret for at fondet vert drive på lovleg og tillitsnyttande måte. Han som er formann i dag kann ikkje segjast å gjera det. Han kallar ikkje inn til styremøte og han hev ikkje vitra lagi um fyresegner, årsmelding eller rekneskap. Fram til 2003 var forretningsføraren og fondsgjevaren same um at dei som vart valde i fondet i 1998 skulde sitja den fyrste valbolken etter at laget var vorte aktivt. No ynskjer styreformann Askeland å skifta ut styremennene i strid med det som fyrr er sagt og i strid med fyresegnene.

Høgnorskrørsla hev meir enn nok pengar ut frå det aktivitetsnivået som er i rørsle i dag. Ein må spyrja seg kvifor det alt no hev vorte usemjor kring Vestmannafondet. I samband

## Målmannen

**Utgjevar:**  
Samorganet Målmannen

**Tilskrift:**  
Målmannen  
Natland stud. by S136  
5081 Bergen

**Bladstyrar:**  
**Olav Torheim**  
olaveth@start.no  
Tlf 55 28 23 70  
Mobil 99 15 64 28

**Netstad:**  
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktørplakaten.*

med den siste stridsakti i høgnorskrørsla sagde den eine aktøren at dette er ikkje lenger tale um målsak, men um pengar. Er det pengehugen som driv nokre av høgnorsktilhengjarane? Me attum Målmannen vonar det vil verta ei framdrift for målsaki og at pengehugen no snart kjem i andre rekkja. For oss er det yverordna å tryggja utgjevingi av bladet vårt.

### Gåvelista

Sidan fyrr gåvelista, som stod i nr. 2/2005, hev Målmannen fenge gåvor frå desse lesarane:

Kjell Arild Pollestad, 350 kr, John Artur Marhaug, 200 kr, T.H. Langsholt, 100 kr, Asbjørn Roaldset, 50 kr, Dagfinn Worren, 50 kr, Magnhild Marøy, 50 kr, Johannes Volle, 50 kr.

**I alt 850 kroner.**  
**Hjartans takk for gåvone!**  
*Målmannen treng gåvor  
skal bladet tryggast*

### Hugsa bladpengane!

*Det er viktugaste innkomekjelda vår*

## Jesus og tidsperspektivet

Av Lars-Toralf Storstrand

Kva er skilnaden på det å driva amatør-forsking og amatørmessig forsking? Det er eit spørsmål som sume tider lyt stellas. Men fyrr eg gjeng vidare med dette, vil eg understrika at det eg sjølv skriv her truleg kjem til å verta klassifisert av teologar som kvasivitskap. Eg hev ingi utdanning i slik forsking, men er trass i alt yvertydd um at kvasivitskap er betre enn uvitskap.

Den namngjetne 'amatørforskaren' Gunnar Rosenlund hev gjennom ei årrekkja sett sin heider i å syna korleides Jesus stod upp frå dei døde den 17. april år 29, basera på 'forsking' frå kinesiske astrologar. Men det Rosenlund gløymer er at den 17. april i år 29, var på ein søndag - og på den 15. nisan, etter jødisk kalender. Det kolliderar totalt, avdi Jesus då hadde lege i gravi mindre enn eit døger.

I det heile er det likt til at Rosenlund si 'amatørforsking' i beste nyttestamentlege tradisjon er bygd på sandgrunn. So ustødig er byggverket hans at det svagar. Rosenlund lét vera å taka omsyn til ei rad faktaopplysingar, og dimed lyt resultatet naudsynleg nok verta skeivt. Dimed kann det helder ikkje verta standande uimotsagt.

Både Rosenlund og teologar skal for min part få tru og meina kva dei vil um Bibelen, men jamvel frå eit vitskapleg hald der ein kjoser å lata vera å tru på Bibelen sitt vitnemål um seg sjølv, må ein kunna rekna med integritet. Utan integritet - kann ein heller ikkje venta nokon vyrndad.

For i det heile å kunna slå fast kva tid Jesus stod upp frå gravi (anten ein no trur at det hende eller ikkje), lyt ein taka visse fakta og variablar med i reknestykket.

For det fyrste: Etter det Matt 12:39-40 fortel er det klart at Jesus skulde liggja tri dagar og tri næter i gravi. I hebraisk tidrekning er ein dag 12 timar og ei natt like lang. Dette hev inkje med ljøs og myrke å gjera.

For det andre: Etter det 1Kor 15:3-4 fortel er det klart at Jesu død og oppstode laut henda i pakt med Skriftene. Med Skriftene meiner ein då millom anna regulativet for korleides påskelambet skulde kjosast på den 10. dagen i nisan-månaden (den fyrste månaden), og slaktast på den 14. dagen i same månaden. Andre skrifter umtalar den 17. dagen som den neste viktuge dagen, nemleg den dagen då



fyrstegrøda skulde berast fram for Gud.

### Palmelaurdag

Nemningar som "palmehelgi" og "palmelaurdag" er ikkje ukjende i vår tid, jamvel um den einaste dagen som ber fyrefestet palme- er sundagen, etter vår sed. So kann ein stella spørsmål um kva som er kva. Det er lett å studera ein kalender i ettertid for å måta han til etter våre mål, serskilt når ein samstundes kann måta det etter ein heidensk (ikkje-jødisk) fest - for å ikkje koma i strid med folk som ein ynskjer "umvenda". Bibelen segjer ingenting um kva vekedag Jesus reid inn i Jerusalem. Men me veit med vissa kva dato det laut ha hendt etter den jødiske kalendaren. Me veit at Jesus på den tiande dagen i nisan reid inn i Jerusalem. Han kom då frå Beit Anya, der han hadde vore nokre dagar hjå Marta, Maryam og El'azar (Lasarus).

Me lyt òg taka med i reknestykket at det var tvo kalendarar i bruk i Israel på denne tidi. Det var den sokalla Qumran-kalendaren ("den konservative") og den sadukeiske ("den liberalteologiske"). Det er all grunn til å tru at både Jesus, som læremessig var i pakt med Hillel-skulen og (i minsto) dei fariseerane som fylgde denne læra nytta qumran-kalendaren.

Jesus reid langs landevegen, på Palmelaurdagen, frå Beit Anya og yver prestebri (som gjekk yver Kidron-dalen), ei strekke som var ei sabbatsreise lang. Samstundes stod folkeskarane og venta på - nei, ikkje Jesus, men øvstepresten som kom frå Beit Anya med det påskelambet som tradisjonen tru skulde ofrast for heile folket.

Dette var ei årviss hending, og alt folket som var samla langs vegen ynskje var å få røyva lambet - eller at lambet

skulde røyva kledda deira. Med andre ord same hysteriet som ein kunde sjå når Beatleshysteriet var på høgdi og/eller religiøse tilskipingar av ein viss storleik vert haldne, noko som skaper nytt perspektiv yver John Lennon si utsegn um at Beatles var vortne meir populære enn Jesus...

På den 14. nisan, slaktedagen, det som me kallar "Langfredag" (men som truleg helst burde vore kalla langonsdag), døydde Jesus - og vart liggjande i gravi i tri døger, til dess han stod upp seint på neste vikesabbat. Den sabbaten som er nemnd i evangelia er truleg påskesabbaten. Då sabbaten var yver (kring 18:00) um kvelden -gjekk kvinnone og kaupte aloë-salve og velduftande urter. So, utpå kvelden, medan det enno var myrkt (truleg einkvan staden millom 21:00 og 02:00) - men etter jødisk kalendar fyrste dagen i vika, fann dei gravi opna og tom. Men det var ikkje berre fyrste dagen i vika, men og i "vikone", det vil segja teljingi fram mot pinsefesten "shavuot". Herifrå er me nøydde til å ganga nokon og tretti år attende i tidi, til Jesu fødeår.

### Jesu fødeår

Rosenlund er òg aktlaus i høve til eit anna emne som er sterkt knytt til denne historiske hendingi. Men her tuftar han òg funni sine eine og åleine på ei blanding av uvit- og vitskap. Og då er det oftast uvitet som vert standande til sist.

Rosenlund hevdar Jesus laut ha vorte fødd i 5 f.k. Dette tuftar han på kinesisk astronomi. Rosenlund si forsking stend og fell altso med at det i Kathay (Kina) dette året vart observert ein supernova (ei eksploderande stjerna som gjev frå seg mykje sterkare ljøs enn normalt). At dette kolliderar med Bibelens vitnemål um at stjerna "rørde seg"/"gjekk yver" himmelen til ho vart standande yver staden (ikkje stallen, men staden) der barnet var, tek han ikkje omsyn til.

Ei onnor mistyding er at dei tri vise mennene var stjernetydarar frå det fjerne aust. For vismennene var det profetert skulde koma frå Sheva, altso Saba. Då eg var liten gut, heitte det i jolesongen: "Frå Saba kom dei kongar tri..." Og Sheva - det er Jemen, det.

Rosenlund gløymer òg å taka med i reknestykket at då vismennene kom fram til Betlehem, var Jesus etter alt å døma kring tvo år gamal.

### Årstalet

Herodes spurde nemleg "vismennene nøgje ut um tidi då dei hadde set stjerna". Stutt tid seinare, då han skyna at vismennene hadde lurt honom, og reist ein annan veg burt, sende han han ut sol-datane sine og drap alle borni i Betlehem og bygdene der ikring som var tvo år og yngre, i pakt med det vismennene hadde sagt honom.

Kva tid vart so Jesus fødd? Me veit at år 0 er uråd, avdi år 0 aldri hev eksistert. Bibelen hev ingi eksplitt datering, men me kann lesa at Herodes levde då vismennene kom, men og at han døydde etter at Josef og Maria hadde flydd til Egypt med barnet. Sidan me veit at Herodes døydde i år 4 f.k., kann me slå fast at Jesus laut ha vore fødd fyrr dette. Sidan me veit at han laut ha vore tvo år gamal då vismennene kom, veit me at han laut ha vore fødd seinast i år 6 f.k. Men me veit òg at Bibelen implisitt peikar på at dei var eit års tid i Egypt fyre dei vende heim att - reisetidi medrekna - noko som gjer at det det ikkje er urealistisk å segja at Jesus var fødd i år 7 f.k. Men lat oss ogso halda ein knapp på at alt gjekk fyre seg i året 4 f.k., for skuld saki.

### Erveminne og tru

Det er når vitskapen vert religion, at vandedmåli kjem upp. Og serskilt når dei som trur på denne religionen neittar å innsjå at dei hev gjort vitskapen til ein religion. Me veit at Jesus døydde 33 år pluss nokre månader gamal. Dette av di tenestetidi hans var kring tri og eit halvt år lang, og at han var kring 30 år då han byrja verket sitt (Luk 3:23). Dette samstemmer òg med dei jødiske skriftene som fortel at Isak (som var eit bilete på Jesus) var 33 år gamal då han skulde ofrast av Abraham - og Gud gav Abraham ein saudebuk i staden.

Dersom då Jesus var fødd hausten år 7 f.k., hamnar me på våren i år 27, alternativt i året 30, dersom me tek utgangspunkt i år 4 f.k.

Rosenlund hev argumentert for at "På denne tiden og i de etterfølgende århundrene hadde jødene måneårskalender. Et måneår har bare 354 dager. For at den jødiske vårmåned Nisan skal holde tritt med vårjevndøgnet, må det med jevne mellomrom puttes inn en skuddårsmåned".

Same kor vellydande dette er skrive, hev Rosenlund alt byrja fossro burt frå dei haldføre argumenti. Påstandet um månekalendaren er beint fram rangt. Den

jødiske kalendaren hev alltid havt 30 dagars månader, og det hev alltid vore skôtår kvart sjuande år med ein ekstra månad i året (i motsetnad til muslimsk månekalender, som ikkje hev noko skôtår). 12 gonger 30 vert 360 dagar.

Rosenlund hevdar dessutan at: "Den jødiske påskefeiringen var natten til den 15. dag i det jødiske årets første måned, nisan. For å kunne hevde at år 29 er det rette året, må dette året ha en jødisk påskefestdag på en søndag, og samtidig også ha en måned, enten mars eller april, som er i overenstemmelse med det rullerende mønster i måneårene som etterfølger hverandre i takt med vårjevndøgnet".

Årane til Rosenlund fær knappast tid til å drypa fyre dei atter råkar vatnet. Den jødiske påskefeiringi hev alltid vore dryft. Det er av di det hev rådd tvo tolkingar av torahen. Den eine plasserte påskemåltid til kvelden som me i moderne vestleg tid tolkar som den 13. nisan, den andre kvelden den 14. nisan. Usemja um datoen skilde jødefolket på midten. Jesus heldt etter alt å døma seg til den tidlegaste dateringa, og åt sedermåltidet med disipline sine tysdag kveld, som etter vår tidsforståing framleides var den 13., men som etter deira forståing var påbyrja den 14. nisan. Heile neste dag er ogso den fjortande, og det var på den 14. dagen at Jesus vart krossfest i pakt med Skriftene.

Som nemnd ovanfyre stod han då upp på sabbaten. Denne sabbaten var for det fyrste (etter det græsk NT fortel) fyrste dagen i "Omer" - fyrstegrødetida. Paulus segjer at Jesus var "fyrstegrøda av dei innsomna" (1Kor 15:23) . Ikkje berre laut Jesus døy på den 14. dagen i nisan, han laut standa upp på den 17. nisan, der- som Skriftene skulde oppfyllast.

Rosenlund reknar attende ved hjelp av jødiske påskefestdatoar til år 358 e.k. Hadde Rosenlund tenkt litt lenger hadde han visst at ein med datakraft kann rekna mykje lengre attende enn det. Dessutan kann det sjå ut som um han hev gløymt ut brigdet millom den julianske og den gregorianske kalendaren.

### Aldri på ein fredag

Etter det Skrifti fortel kann ikkje Jesus ha døydd på ein fredag, slik Rosenlund hevdar. Årsaki er dryft ovanfyre. Men lat oss sjå nærare på noko anna. Dersom Jesus hadde døydd på ein fredag, hadde han brôte lovi/Torahen. Ikkje ved å døy på fredagen, men ved å brjota bodet um sab-

batsreiselengda. Seks dagar fyre dagen då han døydde reiste Jesus (Johannes 11-12). Reisa frå Jeriko til Beit Anya overskridt langt grensone for ei sabbatsferd, ein viktug part i lovi som Jesus aldri vilde ha brôte. Og for saks skuld, endå det finst teologar som trur det, so braut aldri Jesus lovi. Han braut med fariseeiske og sadukeiske tolkingar av lovi, men aldri lovi sjølv.

### Sjølve årstalet

So var det sjølve årstalet. Me hev synt at Jesus laut døy den 14. nisan, og standa upp att den 17. nisan, og vera uppstaden på fyrste dagen i vika, som er sundagen. Altso er Jesus nøydd til å ha døydd på onsdagen og stade upp på laurdagsettermiddagen, 72 timar seinare. I tidsromet 23 e.k. til 33 e.k. hamna den 14. nisan på onsdagen i desse åri: 23, 24, 27 og 30. Berre det at 14. nisan på ti år hamnar på onsdagen fire gonger på elleve år, burde vega tungt. Totalt hamna den 14. nisan på fredag tvo gonger i same tidsromet - og det var i 26 og 33. Der ligg poenget som erveminnen hev vore bygt på. Avdi 14. nisan hamna på fredag i 33, og Jesus var 33 år gamal, og var fødd i år 0, so... meir treng ikkje segjast. Men me hev tidlegare synt at Jesus ikkje kunde ha døydd på ein fredag.

Alt i alt hev me berre tvo realistiske årstal attende, og det er år 27 og 30 e.k.

Ser me so på fødetidspunktet, hev me altso tvo potensielle løysingar, som samstemmer med dette. Anten var Jesus fødd i året 4 f.k. eller so var han han fødd i år 7. Det tyder at han døydde anten i år 27 e.k. eller i år 30. Han vart spikra til krossen klokka 09:00 og hekk der til han døydde seks timar seinare, klokka 15:00. Kvinnone kom til gravi etter at sabbaten var yver, altso på fyrste dagen i vika, laurdags kveld etter vår rekning. Det viktugaste er, at me veit at han døydde den 14. dagen i nisan, stod upp att den 17. dagen i nisan.

Alt anna er tufta på erveminne og uvitskap.

Til slutt vil eg gjera merksam på at i ein slik stutt artikkel er det ikkje råd å gjera greida for serleg mange detaljar. Det hev vore skrive bøker um dette i hopetal, og eg orsakar for at eg ikkje hev rom for å leggja ut betre um saki.

Sank ein tingar til  
**Målmannen!**



## Høgnorsk målbygnad

Av Anders Olsen

De hev nóg høyrte um "samanhengslogi", dei kallar. Eg veit ikkje um det er nokor god nemning, for det er vel snaudt tale um ei log, meir eit prinsipp. Ivar Aasen skriftfeste nynorsken, dei ulike målføri, etter visse prinsipp. Han valde gotisk skrift og store fyrebokstavar i namnordi, båe etter tyskandskt mynster, for di folk var vande med det. Soleis vart det nye skriftmålet minder frammandt. Skrivereglar som fyrirtid *bygde* til *å bygga* og *ei skam*, men *skammi*, det vil segja eit skifte millom einskilt og tvifeldt medljod i same ordet, kjem meir eller mindre frå dansk. Um det ikkje er lettare, so er det tidsparande, og dessutan skriv me *ei bygd* og *ei skjemd*. Skrivmåtane *godt*, *kaldt*, *hardt* osb. er kav danske (burtsét frå at dei tvo sistnemnde heiter *koldt* og *hardt* på dansk), men dei er morfematiske og syner samanhengen med *god*, *kald*, *hard* betre en *gott*, *kalt* og *hart*, som han kunde valt etter gamalnorskt, islenskt og svenskt mynster.

Og då er eg inne på det med samanheng. Samanhengen millom ordi og jamvel bøygingformene av eit ord, kann verta skipla av det me kallar ljodloger. Ljodlogene gjerer gjerne taleframburden lettare. Her talar me um loger, naturloger mest, av di tungerørslone er avgjerande her. Assimilisasjon og disimilisasjon, apokope og synkope, hiatus og ljodbrigde, opning, runding og lågning, alt dette er ljodloger. Analogi, derimot, tykkjer eg ikkje er nokor ljodlog, for det er det tanken som styrer, og då er det menneskjeleg systematisering det spyrst um. Det same gjeld ofte nyskylda (reetymologisering), at *universitet* vert til *undervisitet* og dilikt, for det det er tanken, ikke tunga, det vert greidare for her. Me kann segja at tanken og tunga stridest.

Sume høgnorske ordskap hev nyskylda, t.d. *bustysel*, *dumbjølla* og *skjelpadda*, jmf. gn. *burstigull*, *dynbjalla* og *skjaldpadda*, der Aasen tok det for å vera høvesvis *yva* reisa bust, *dum* døyvd og *skjel* skal som låg attum, endå han visste det upphavleg var dei same samansetjingslekkjene som i nyn. *igulkjer* (kråkebolle), *toredyn*-dun (torebrak) og *skjeld*/skjaldtile (bordklædning som vernar veggen som ein skjold). Her er det uvisst um ljodlogene eller reetymologiseringi, tunga eller tanken, verka fyrst.

Då gjeld det å finna ein midveg millom ljodrett skrivevis og etymologisk og morfematiske skrivevis. Etter di Aasen skulde reisa det norske målet att, kunde han gjera det. Sume ljodrette skrivemåtar som *kvit*,

*kven* (jmf. gn. hvitr, hverr), *namn*, *stemna* (jmf. gn. nafn, stefna), opna for den vanlegaste norske segnaden og stengde for den austnorderlendske (jmf. d. hvid, sv. vit (då: hvit), der h-en ikkje er høyrleg), eller stengde ute dansk segnad, men opna for svensk (jmf. d. navn, sv. namn). Det var um å gjera å rettferdiggjera eit nytt og sjølvhjelpert norskt skriftmål, og det kunde gjerast med 1) å strika under det serhåtta, 2) merkja av kva som skil det frå kolonimålet, dansken, og 3) stydja seg til eit stort og møtt mål, svensken. Attåt dette kjem det å syna til eit eige opphav og gamal stordom, det er gamalnorsken. Med det vart grunnlaget lagt for ei etymologisk rettskriving som gjorde sambandet til gamlemålet skillegt.

Mange ord i målføri var so like at dei laut koma av eit og det same gamalnorske ordet, men so ulike at berre eitt av dei, anten det som låg nærast opphavet eller det som høvde best inn i heilskapen, eller inkje av dei, dugde til samform. Soleis skreiv Aasen *drjug*, ikkje *dryg*, for di det heiter *drjúgr* i gn., men *tykte* i fyrirtid til *tykkja*, endå mange målføre hev totte, gn *þótti*. Og i ordboki hans er *kongurvåva* hovuduppslag, so samanhengen til veva vert synleg, jmf gn *kongurvåfa*, endå nett den formi ikkje fanst i målføri.

N-burtfall i utljod er det beste merkjet på hokyn i nynorsk, difor skreiv Aasen *boki* og *gjenta* i bundi form, endå både svensk, dansk, islenskt og færøysk hev halde på n-en her. I inkjekyn bundi form fleirtal er det like eins, soleis *husi*, *epli* og *augo*. Når n-en høyrde med til nemneformi, som var avleidingsending, vart det annleis, difor skreiv han *morgon* og *aftan/efstan* (undantak: åre jmf gn arinn), og adverb *utan*, *undan*, *sunnan* osb. Han skreiv t-ar og d-ar i bøygingssendingane og, jamvel um det gjorde målet minder ljodrett, soleis *kastade*, *hev kastat*, mannen *vart utkastad*, *hev funnet* og *eit rotet* eple. Sameleis skreiv han *hestarne*, *gjentorna* og *skålerne*. Alt detta gjorde han av omsyn til grannemåli, og av omsyn til målet sjølv. Mange av desse formene var sjeldsynte eller fanst ikkje i det heile, men dei trongst for samanhengen skuld. Nynorsken me no hev, jamvel høgnorsken, er minder fylgjerett. Men høgnorsken held fast på vokalrikdomen, det at endingane er ulike sjølvljod som anten stend for seg sjølve, eller fær ein konsonant, sjeldan fleire, etter seg. Difor heiter det *å kasta*, *han kasta henne ut*, *ho vart kasta ut*, *det er burtkasta*, *ei visa*, *den visa*, *tvo augo*, *båe augo*, *ein bakke*, *eit lite*

*stykkje*, *ho hev skrive ei bok*, *boki er velskrivi* osb. Til vanleg er det berre u som ikkje kann standa i uljod, men i midlandsnormalen, som millom andre Arne Garborg var med på å forma ut, heiter det *ei furu*, *ei sogu* og *tvo augu* osb, med bundi form på o. Midlandsnormalen er høgnorsk å kalla, men hev jamvekt i linne hokynsord og i infinitiv, noko som vert minder samlande, og vandt for alle deim som ikkje hev noko slikt i sitt målføre.

Former med halden konsonant i høgnorsk er *han kastar*, *karar*, *kjerringar*, *øyvar*, *skåler*, *månader*, *vegg(j)er*, *gjentor*, *rydig*, *ledug*, *vitug*, *undan*, *sunnan*, *funnen*, *senden*, *sandut*, *huset*, *eplet* osb. Her er det mykje å merkja seg. For det fyrste er r-en i notid av a-bøyge verb det som gjerer det råd å sleppa d-en i fyrirtid, elles hadde tidene falle saman. For det andre er dei bundne fleirtalsformene til substantivi ljodrettare og uvandare en hjå Aasen, me skriv *karane*, *skålene*, *gjentone* osb, endå det finst grunnlag for Aasen-formene *kararne*, *skålerne*, *gjentorna* osb i målføri. Det er minder fylgjerett, men sernorsk og samlande. Når rn-sambandet høyrer til roti i eit ord, skal det skrivast, som i *körn*, *stjerna* osb. Me burde skriva *birna* og *kirna* og, so samanhengen med bjørn og kjerne kjem fram. Det same gjeld daud d, det heiter *lid* og *snaud* liksom *tid* og *raud*, og *skard* og *urd* liksom *hard* og *ord*.

Når me fyrst er inne på daud d, so er nóg det grunnen til at nad-ordi hev halde på undantaksbøyging, sidan framburden oftaste berre vert *månar*, *sjilnar*, *søknar* osb. i målføri. Det er nemnande at Aasen skreiv månadar, skilnadar osb, noko Eivind Vågslid gjerer nosso fylgjerett i verki sine. At denne bøygingi nyleg vart lov att, kjem vel av at skriftsegnaden med høyrleg d hev vorte utbreidd og fenge vanleg hankynsbøyging i mange mållýdskor. Men i høgnorsk held me på undantaksbøygingi her, nett som me skriv *øyvar* og *vegg(j)er*, tvo representantar for ei liti gruppa sterke han- og hokynsord som "skifter kyn" i fleirtal, ei av fåe leivder etter gamalnorsk stomnbøyging.

Midlandsnormalen og Vågslid hev eg alt nemnt, og dei hev meir i bøygingane enn Aasen, til liks med islenskt og færøysk: *skållir*, *veggir*, *funnin*, *hev funni*, *sandin* osb. I midlandsnormalen kjem detta i tillegg til *boki er velskrivi* osb, og der heiter det endå til *gjentur*, *vikur*, *vikublad* (men *ei gjente*, *ei viku* osb. Jmf. *ei furu* osb som nemnt ovanfyre). Ur-bøyging var vanleg i nynorsk skriftmål tidleg i siste hundradåret. Ir-bøygingi var sjeldnare, endå ho hev den

fyremunen at ho merkjer av tonem 2, eller tvostavings tonelag, sidan ho skil seg frå endingi bøker, menner osb, som hev tonem 1, eller einstavingstonelag, og der e-en berre er ein innskotsvokal, sidan gamalnorsk berre hev konsonant her. Norske målføre hev anten sleppt konsonanten, eller berga honom med hjelp frå ein vokal. Denna vokalen er gjerne ein meir eller minder slapp e. I sume målføre er det a i dei nemnde og dilike ord, soleis *bøkar, mennar* osb, difor hadde midland-normalen det same. Elles hev dei sleppt r-endingi heilt, og her slær høgnorsken fylgje. Det heiter *kjem, blå, bratt, ein kjepp* osb, jamvel um former som *kjem'e(r), blår'e), bratt'e* og sjeldnare ein *kjepp'e* finst i nokre målføre. Gamalt mål på Voss og Hardanger hev innskotsvokalen u i alle dei nemnde tilfelli, til liks med islendsk og færøysk.

Um i og e er det meir å segja. I mest all nynorsk er gamalnorsk i/e j-förande, me kallar, etter g og k. Eg skriv i/e for di dei var allofonar av det same fonemet i gamalnorske endingar, det vil segja at det ikkje var tydingsskiljande um ein skreiv i eller e i endingane, som det kann vera det i høgnorsk. Det same galdt u og o. Aasen valde eit ljodeverk der a, e og o var endingsvokalar, som i svensk, men han laut nytta i i dei ovannemnde ordi for skuld n-burfallet, etter di e-en var "uppteken". Når han valde former som *rydig, ledug, vitug* og *sandut*, ser me at han bruka både a, e, i, o og u i endingane, men at han sette klære grensor millom deim. Detta hev, som eg alt hev synt, vorte skipla, sidan sume hev skriva i der Aasen skreiv e. No er det vanlegast å skriva e, men ikkje berre der Aasen skreiv e, for no skriv dei *ei jente*, mange *jenter, å kaste, sandete* osb, og ugendingi minkar til fyremun for ig-endingi. Ein grunn er at mange, kann henda fleirtalet av målføri hev slike endingar, men ein like stor grunn er tilnærmingi til norskdansen, som for det meste hev e, sjeldnare a i endingane. Men ordskapet *ikkje* gjev ikkje nynorsken slepp på, og det er snart det einaste merkjet som er att av j-föring. I høgnorsken derimot, held me på former som *eit stykkje, eit merkje* osb, endå Aasen berre hadde desse j-formene i klomber etter oppslagsformer utan j i ordboki si, so folk skulde sjå korso dei skulde segjast. Seinare vart skrivemåten med j vanleg, og det var so den norske segnaden skulde halda seg. Det vart naudsynt når dei skreiv e der Aasen og gamalnorsk hadde a, og det difor ikkje var nokor veikjing, eller j-framburd. Ord med g, som Aasen stødt skreiv j i, t.d. *løgjen, eit lægje, segja* osb, vert oftaste sagde med tviljod, difor vert dei skrivne løyen, eit leie, seie osb no. Her held høgnorsken på Aasen-

formene. Andre døme på høgnorskformer med j er *veggjer, byggjing* osb. Ovanfyre sette eg j-en i *veggjer* i klomber, og det er av di han er sjeldsynt jamvel i høgnorsk, endå Aasen tidt skreiv dilike former. Annarleis er det med *byggjing*, som er forbode i rettskrivingi no, men som er ålgjennt i høgnorsk, endå um "i-en og y-en gjekk ein tur i byen..." Årsaki er at det heiter *å byggja* og at skrivemåten bygging radt misser j-segnaden, jmf *ein stygging* og dilikt, som skal hava hard g. J-föring i veld mykje hovdebrot for rettskrivingi, men dersom me held oss til Aasen, er mykje gjort.

Eit anna vandumål i rettskrivingi er rotvokalar. Aasen valde å skilja millom å og open o, endå mange nordmennar ikkje skil millom deim i daglegtalen. Like eins valde han å skilja millom æ og open e, o og open u, ø og open y og e og open i. Han fylgde ikkje stødt gamalnorsken, for det hende at opningi og lågningi var so ålmenn at det var greidast å velja den låge vokalen, difor skreiv han *mån, bær, rone, løn* (treslaget) og *fred* og dilikt, mot gamalnorsk *mon, ber, runi, hlynr* og *fridr* og dilikt. Elles var han nøgjen på at i-ljodbrigde former av eit ord skulde samsvara med den opphavlege rotvokalen, og at ord som var nærskyldte skulde hava lik rotvokal dersom dei hadde det i gamalnorsk. Difor heiter det *å træda i ein tråd, å fara same ferdi* osb (når det gjeld dei hine vokalaner vert i-ljodbrigde meir innfløkt), og *floten hev flote nedetter elvi, umgripet "å vera på net" hev gripe um seg* osb. At det heiter *å nækja seg* um å klæda seg naken er eitt av mange døme på at Aasen sumtid valde å skriva det som han hørde det, av di han var uviss på opphavet og samanhengen.

Eg hev alt nemnt i-ljodbrigde. Attåt det hev me u-ljodbrigde og a-ljodbrigde, og det kann vera med på å skipla samanhengen millom ulike former, når ingi av deim hev den opphavlege rotvokalen lenger. For skuld detta hev me *hand – hender, strand – strender* osb mot *stong – stenger, tonn – tenner* osb, og *rud* (i gardsnamn) – *rydja, full – fylla* osb mot *folk – fylkja, mord – myrda* osb. Det var helst u-ljodbrigde som var ulikt gjennomført i målføri, medan a-ljodbrigde var meir ålment. Aasen braut med gamalnorsk og islendsk her, dersom me ser på nemneformene, for han valde ofte u-ljodbrigde former, sterkt hokyn eintal, der gamalnorsk og islendsk hev ljodbrigde og umsnutt i lint hokyn eintal. Difor heiter det *ei hand, strand* mot gamalnorsk/islendsk *hond/hönd, strond/strönd*, men *ei saga, tvora* mot gamalnorsk/islendsk *saga, þvara*.

Ser me på dei sterke verbi, finn me

ulike stig som kjem av noko som heiter ljod-sprang. I tillegg til at dei tri nemnde ljodbrigdi kann hava verka inn på eitt eller fleire av stigi. Ordet *vinna* heiter *vinn* i notid, *vann* i fyrrtid og *vunne* i tilleggsmåten. *Finna, spinna* osb fylgjer same mynstret. Her ser med tri stig, i – a – u, og inkje av deim er ljodbrigde, det er berre ljodsprang. Men mange ord i same klassen hev ljodbrigde òg: *brenna – brenn – brann – brunne, spretta – sprett – spratt – sprutte, syngja – syng – song – sunge, tyggja – tygg – togg – togge, søkka – søkk – sokk – sokke* osb. I andre klassar finn me i-ljodbrigde i notid: *gala – gjel – gol – gale, blåsa – blæs – bles – blåse* osb. I tillegg hev andre ljodloger verka inn på på eitt eller fleire stig i sume bøygingsserier, men det er korkje tid eller rom til å taka upp det her.

Det vert for mykje å ganga igjennom dei linne verbi òg, men det bør nemnast at høgnorsken held betre på den bøygingi Aasen sette upp for kvart verb. *Svara, baka, tapa* osb er helst a-bøyge, og *festa* (setja/gjera fast), *dryfta, lyfta* osb er helst e-bøyge. Ein god regel, som er full av undantak og vand å læra, som alle gode språkreglar, er at alle verb som er i-ljodbrigde avleidingar til eit anna verb, eit namnord eller eit adjektiv, skal e-bøygiast. Men sumtid kann ordet det er avleiddt av vera utdøytt, eller so er det ikkje stødt like lett å sjå at det er ei avleiding.

Då høver det å segja litt um avleiding og samansetjing. Der er det fullt av ord å taka av i norsk, men du lyt kjenna reglane fyrst. Avleiding er ei vanskeleg sak i nynorsk, for det er so lett å triva til dei norskdanske avleidingane og avleidingsfesti me kjenner frå bøker, blad og kringkasting, noko me ikkje gjerer i høgnorsk. Det er ein arv frå Aasen at me so langt råd er nyttar heimlege ord og avleidingar, noko me kallar purisme, eller målreinsking. Norsk morfologi er rik. Dei ovannemnde stigi i sterke verb er ei kjelda til ulike avleidingar, anten det er namnord, verb, adverb eller adjektiv. Til *skjera – skjer – skar/skåro* (det siste er ei gamal fleirtalsform) – *skore* hev me ein heil flokk: *eit skjer, ei skjera* (ein sigd), *ein skare* (på snjoen), *eit skard, å skjerd* (skjera ned på), *ein skår(e)* (eit slag med ljåen), *skjær* (mogen), *ein skjære/ei skjæra* (ei soks), *å skora* (laga): *ei skora* (eit hakk i tre), *ein skurd* osb. Nyttar me ut den rikdomen som finst her, vert det ikkje vanskeleg å finna avløyssarar til framande ord.

*Fyredrag halde på Høgnorskdagane i Volda våren 2000. Publisert fyrste gongen på nettstedet.no.*

# Grundig etterpåklokskap

Av Lars Bjarne Marøy

*Union og demokrati  
Dei sameinte rika  
Noreg- Sverige  
1814-1905  
Bo Stråth  
Pax Forlag A/S  
Oslo 2005  
738 sidor*

## Bakgrunn og tidlegare forskning

I samband med at det er hundrad år sidan Noreg gjekk ut or unionen med Sverige i 1905, vert det i år gjeve ut eit jubileumsverk "Norge og Sverige gjennom 200 år". Verket er samansett av boki "Sosialdemokratiets tidsalder i Norge og Sverige i det 20. århundre" av Francis Sejersted og "Union og demokrati" skrive av den svenske historikaren Bo Stråth. Bokverket er ein part av eit større nettverk som vert kalla "Prosjekt 1905". Leidarane for dette nettverket er Øystein Sørensen, Torbjørn Nilsson og Stig Ekman. Det er union og demokrati som skal meldast her. Boki er umsett til nynorsk av Eldbjørg I. Hovland.

Det interessante med denne boki er at ho i motsetnad til andre historiske framstillingar freistar å taka fyre seg korleis den norske og svenske saga ovra seg ut frå eit unionsperspektiv. Dette gjev oss utan tvil nye innfallsvinklar, men det gjer òg at forfattaren lyt finna nye måtar å framstella saga på. Det segjer seg sjølv at å tenkja i unionsbanor ikkje hev vore aktuelt ut frå ein norsk ståstad. Då Noreg var i union med Sverige, var historikarane mest upptekne av sernorske spursmål. Stråth interesserar seg mykje for historikaren Yngvar Nilsen som var sers unionstrugen og hadde umfemnande brevsamband med den svenske kongen, men Nilsen var neppe representativ.

I ettertid hev òg fokuset uneitteleg vore knytt til sernorske og sersvenske utsyner. Unionsperspektivet hev vore uaktuelt og er godt som daudfødt den dag i dag. Lettkulturen frå Sverige hev slege godt an i Noreg, serleg i samband med at mange hev kunna sjå svensk fjernsyn, men tung kulturpåverknad hev det vorte mindre av. Det er soleis eit ljospunkt at eit historieverk av ein svenske vert umsett til nynorsk og vert sterkt promotert. Det er etter måten mange svenske historikarar som kunde ha vorte den same æra til del. Eg nemner berre nokre som Peter Englund, Bengt Liljegren og ikkje minst Dick Harri-

son.

Det må utan tvil vera ei stor utjoding for ein svenske å skaffa seg sjølv eit elementært yversyn yver norsk sogegransking. Sogegranskarar talar ofte um historiografi. Det vil segja kva som hev vore gjort av gransking innanfor eit felt. Når det gjeld sogegranskingi i Noreg er den sers umfemnande, og det hev vore skrive mange avhandlingar um norsk historiografi millom anna for perioden 1814 til 1905. Emnet inneheld mange tunge verk heilt frå P.A Munchs klassikar "Det norske folks liv og historie". Sentrale namn etter Munch er millom anna Ernst Sars, Halvdan Koht, Sverre Steen, Jens Arup Seip, Knut Mykland og mange fleire. I dei seinste åri hev det elles vorte publisert ei rad arbeid i den sokalla KULT-serien, både hovudoppgåvor og andre arbeid. Attåt dette kjem alle dei som ikkje er historikarar, men som hev skrive um perioden, for ikkje å tala um alle dei skriflege kjeldone som er knytte til aktørane i unionstidi.

Det som likevel kjenneteiknar hovudluten av den norske historiografien i motsetnad til Stråths arbeid, er vel det norske perspektivet. Granskarane hev vore usamde um kjernespsmål, men ingen hev vel for ålvor gjenge inn og vurdert unionen med Sverige ut frå eit slags sams norsk-svensk perspektiv. Spursmålet hev vore like daudt i sogegranskarmiljøet som millom folk flest i Noreg og Sverige.

Ein kunde ha venta seg meir av svenske synsmåtar i boki. Det som er serleg nyttig er at me fær eit godt innsyn i den svenske kongefamilien. Det var kongefamilien som heldt unionen saman. Kristian Fredrik vilde ha råderett yver utanrikspolitikken då 17-mai-grunnlovi vart vedteki på Eidsvoll. Det førde til at det var nett her at svenskane kunde finna grunnlag for ein sams politikk under ein konge i tingingane som førde fram til 4-november-grunnlovi. Det var òg her at sluttstriden skulde stå kring 1905. På so godt som alle andre umkverve var Noreg sjølvstendig og hadde i prinsippet sers stor handlefridom, so lenge ein ikkje trakka inn på viktige symbolumkverve som til dømes flaggsaki.

## Råmone um unionen

Men innanfor nokre umkverve vart det lagt grunnlag og arbeidt for norsk-svensksamordning etter svenske tildriv. Stråth skriv um utbyggingi av unionen med riksakti, det samansette statsrådet, millomrik-

slovi og utanriksforvaltningi. Samanslutningi millom Noreg og Sverige var uppe i stenderforsamlingi i Sverige i 1815 og sameleis uppe i Stortinget i Noreg. Riksakti regulerte innbyrdes tilhøvet millom dei tvo riki. Det vart òg slege fast korleis ein skulde ganga fram dersom kongen var umyndig eller um kongehuset døydd ut. Riki var likeverdige og den svenske kongen var norsk konge og svensk konge, ikkje konge for dei tvo landi samstundes. Det førde millom anna med seg at kvar gong han passerte riksgrensa, laut han skifta uniform og fylgjesmenn. Trass i det norske sjølvstendet meinte nok den svenske kongen at unionen var ein konsesjon andsynes Noreg og at Sverige hadde ein fyremunsrett, *primus inter pares*.

Det samansette statsrådet vart fyreskrive i paragraf 5 av riksakti. Det var samansett av riksstyret i det landet der møtet skulde vera, pluss tri riksråder frå det andre landet. I praksis førde det med seg at ein statsministar og tvo riksråder frå Noreg gjekk inn i det svenske riksrådet Dei norske riksrådene skulde ha sete og røysterett i saker som galdt Noreg. Nordmennene tolka det slik at denne skipnaden skulde gjelda utanrikspolitiske saker. Medan svenskane meinte at det streid mot den svenske riksstyreformi frå 1809. Etter den skulde utanrikssaker avgjerast av kongen saman med utanriksråden og ein annan riksråd. Karl Johan bruka for det meste det ministerielle riksrådet, frå 1835 gjekk den norske statsministaren inn i det. I 1836 og 1842 vart det fastslege at spursmål som galdt tilsetjing og avsetjing av konsular (1836) og dessutan ratifisering av handelsavtalar 1842, skulde leggjast fram i samansett riksråd.

Millomrikslovi vart til etter at ei nemnd hadde greidt ut um det var mogleg med frihandel millom Noreg og Sverige, når det galdt råvaror og tilverka varor. Ein tenkte seg at ei samansmelting av dei økonomiske interessone innanfor den indre marknaden i unionen kom til å verta fylgt av ei samansmelting av folki og føra til at økonomien utvikla seg i samanfallande og harmonisk retning. Tollen for landtransportar vart i praksis oppheva gjennom millomrikslovi. Når det galdt varor som gjekk sjøvegen, vart handelen millom Noreg og Sverige berre sett ned til det halve. Her stod det mykje større økonomiske interessor på spel. Sverige var langt meir proteksjonistisk enn Noreg, difor var det viktig å



kunna føra opphavsprov for varor som vart frakta frå Noreg til Sverige.

I 1856 freista ein å revidera millomrikslovi med sikte på ein tollunion, men det vart ikkje vellukka. Landi var for ulike. Til dømes utgjorde tollinntektene 60 prosent av finansinntektene for Noreg sin part, men berre 40 prosent for Sverige. Tollsatsane og reglane for fastsetjing av toll var òg for ulike. I 1870-åri var den svenske importen av norske varor på fem prosent. På 1890-talet steig importen til um lag ni prosent. Denne auken førde til at dei svenske proteksjonistane gjekk mot millomrikslovi som vart avskipa i 1895. Mestparten av unionstidi var handelen millom Noreg og Sverige sers liten. Båe landi hadde viktigare handelspartnarar i England, Tyskland og Danmark.

Sumtid galdt utanriksvarveit-slingi i praksis berre formalitetar og spekulasjonar. Perioden millom 1814 og 1905 var ein fredeleg tidbolk, men det vil ikkje segja at det ikkje gjekk fyre seg strategiske rådleggjingar millom den svenske kongen og leidarar for andre land. Det som derimot valda dei største vandumål og diskusjonane på norsk sida var symbolsakene som flaggsaki, riksvåpenet og kongetittelen. I 1837 kravde til dømes det norske Stortinget at tittelen til den norske kongen skulde vera Karl den III. Noreg hadde ikkje den same kongerekkja som Sverige og difor laut kongetittelen på den norske kongen vera ein annan enn på den svenske. Kravet um å ha eit sams flagg for å halda unionen saman verka rimeleg frå svensk ståstad, men vart sett på som ei nasjonal audmjuking frå ein norsk synsstad. Bruken av den norske riksløva på svenske myntar vart oppfatta som ein freistnad på stulder som ein vilde ha seg fråbeden. Det svenske symbolet var tri kronor. Ein skynar fort at det ikkje kunde vera lett å vera konge for tvo land samstundes. Når me tek med i reknestykkjet at Karl Johan tala fransk, vart umsett til svensk, deretter til dansk og so tolka av folk som tala ei blanding av dansk og norsk, skynar me at mykje kunde koma burt i umsetjingi.

### Nasjonsbyggjing og nasjonalisme kann vera so mangt

Stråth er uppteken av fenomenet nasjonalisme. I motsetnad til ei vanleg oppfatning som vel vilde vera å tenkja seg ein norsk nasjonalisme og ein svensk nasjonalisme, ser Stråth fyre seg mange slag nasjonalisme. Han er sers kritisk til at nasjonalisme vert nytta som eit umgrip som femner um alt som hev med nasjon og nasjonsbyggjing å gjera. Nasjonalisme vert vidt ulike

ting under unionstidi. Den norske patriotismen i 1814 var noko anna enn den kultur-radikale nasjonalismen i 1880- og 1890-åri. På den andre sida var den svenske høgrenasjonalismen eit fenomen for seg. Den norske vinstrenasjonalismen vilde kløyva unionen, medan den svenske høgrenasjonalismen vilde styrkja unionsbandi. Dette er berre tvo typiske døme på at nasjonalismen kunde vera ulik i dei tvo landi.

Stråth peikar på korleis ulike yrkesgrupper var aktive i dei tvo landi som samfunnsbyggjarar og nasjonsbyggjarar. Fredrik Stang arbeidde for modernisering og nasjonsbyggjing gjennom daning, vitugskap og vitskap, politiske institusjonar, økonomi og kommunikasjon. Stang var jurist. I perioden kring 1840 hev umgrepet den harmoniliberale epoken i norsk nasjons- og statsbyggjing vore nytta. Etter dette kjem det ein langt meir sermerkt nasjonal agitasjon, og oppslutnaden vert langt større, dei breide massane vert nådde. Stråth meiner at det var kultur-nasjonalismen som kom fram under målstriden millom Bjørnson og Garborg i 1899. Denne kultur-nasjonalismen var berre ein understraum. Den breide nasjonalismen var knytt til striden mot unionen, og det var denne striden som heldt dei ulike nasjonalistiske rørs lone saman i tidbolken millom 1890 og 1905.

Den fornordiske stordomstidi og götismen dana upptakten til ein svensk patriotisme på 1800-talet. Gamal bonderoyalisme vert òg nemnd. Bonderoyalismen var ikkje nokon dans på rosor. Kongen var for det meste velsedd, men når det vart misnøgie med kongen kunde det enda med adelskupp og freistnader på å avsetja eller drepa kongen. Den storsvenske nasjonalismen hadde gode voksterkår i 1850- og 1860-åri. Finlandsaktivisme og revan-sjisme mot Russland var lykjelord i so måte. Svenskane kopla seg dessutan upp mot skandinavismen. Dei svenske ambisjonane vart nok mindre med kvart som den norske nasjonalismen voks seg sterkare på 1870-talet og frametter.

### Dei store motsetnadene i Noreg og Sverige

Det kann ikkje ha vore lett å vera union-skonge på 1880-talet. Under riksrettstriden vurderte kongen ulike inngrep, millom anna statskupp, men oppslutnaden heime i Sverige var sers liten. Det var viktig for kongen å hindra at kongemakti vart veikare. Han kunde ikkje gjeva seg på å ha absolutt veto i grunnlovssaker, men på

same tidi var dei leidande svenske politikarane huga på ei kompromissløyding. Kongen var i Oslo i 1884. Samtundes med at han var til stades under riksrettsaksi, laut han tilkalla mange av riksrådane sine. Dei møtte han i Charlottenberg. Under dei hardaste motsetnadene millom Noreg og Sverige var det tenleg å kunna møtast nærast råd Oslo, men samstundes på svensk jord. Det skapa mindre grorbotn for å verta skulda for å provosera nordmennene. Samstundes gav det kongen meir makt. Det var han som hadde den samlande oppgåva.

I Sverige skulde dei innanrikspolitiske tilhøvi strama seg kraftig til nett i åri etter at Noreg hadde nått topp-punktet med riksstyret til Johan Sverdrup. Fram til 1884 hadde dei norske kravi vore rette mot kongen og for demokrati, men med dei komande hendingane både i Sverige og Noreg skulde sjølve unionen koma i berrhogget.

I Sverige toppa dei innanrikspolitiske motsetnadene seg i 1887. Det hadde frå tidleg på 1880-talet kome upp krav um korntoll og revisjon av millomrikslovi i proteksjonistisk leid. I 1886 hadde motsetnadene kome sterkare til uttrykk gjennom eit nært samarbeid millom jordbruks- og industriproteksjonistane. Andrekammeret vedtok korntollen, men framlegget fall i fyrstekammeret og i den samla røystringi. Dramatikken vart soleis stor i 1887 då flokkane var mest jamstore. Eit framlegg um rugtoll vart forkasta av fyrstekammeret med 70 mot 68 røyster, medan andre-kammeret vedtok rugtoll med 111 mot 101 røyster. Fyre ein rakk å ha sams røystring, løyste kongen upp andre-kammeret og utlyste nyval. Kongen vilde gjera dette som ein maktdemonstrasjon, men det opna upp for ei innføring av parlamentarisme. For kva skulde skjje dersom kongen ikkje fekk det fleirtalet han ynskte seg.

Valdeltakingi vart meste tviauka og frihandelsmennene vann klårt, og spursmålet um korntoll kom ikkje på dagsetelen i det heile. Men so syntet det seg at det var hendt ein valorganisasjonskandale. Frihandlarlista i Stockholm hadde vunne 22 mandat, men ein av dei som stod på lista hadde ei gjeld på kommuneskatten. Det førde til at heile lista laut diskvalifiserast og i staden for kom det inn 22 proteksjonistar i andre-kammeret. Dette endra fleirtalet og statsministaren vilde gå av. Kongen vilde ikkje ha eit nytt riksstyre, for då vart det for mykje parlamentarisme. Det kom inn fem proteksjonistar i det nye riksstyret, men det var òg fem frihandel-

stalsmenn. Det vart soleis ikkje noko gjennomslag for parlamentarismen. Men det vart eit viktig stig i den leidi.

Proteksjonistane knytte til seg ein storsvensk nasjonalisme. Ein av tilhengjarane av proteksjonismen, Oscar Alin, skreiv ei bok der han argumenterte for at Noreg var eit lydrike. Noreg hadde vorte yverført til den svenske staten og ikkje til Karl Johan personleg. Frihandelstilhengjarane i Sverige ytra seg imot Alin. Den fremste motstandaren var Hans Forsell. Stråth meiner at det var fyrst etter desse framstøytane at den norske nasjonalismen utviklar ein verkeleg brodd mot unionen og med kvart dreg med seg Høgre. 14. juli 1889 kom svaret til Alin frå Bjørnstjerne Bjørnson. Han kravde fullt sjølvstende eller ut or unionen. Det proteksjonistiske gjombrotet i Sverige i 1888 førde til otte i Noreg for at dei konsulane me hadde saman med Sverige ikkje skulde taka vare på norske interessor som var merkte av frihandelsorienterte interessor. Dimed var grunnen lagd for striden kring konsulane som naturleg nok laut føra oss vidare til striden um heile unionen.

### Kva hende eigenleg i 1905?

Hendingane i 1905 er interessante i seg sjølve. Stråth er innum heile spennet av synsmåtar som førde fram til det som hende i 1905. Han skildrar millom anna utfyllande Sigurd Ibsens rolla og er innum mange sentrale intellektuelle på både norsk og svensk sida. Når det heile kunde skje so raskt i 1905 var det mykje på grunn av rastløysa og handlekrafti til ein mann, bergensaren Christian Michelsen. Michelsen var uppteken av å hindra at unionsspursmåli skygde undan for dei viktige sosiale og næringspolitiske spursmåli i samtidi. Han vilde ha saki ut or verdi slik at ein kunde fokusera på andre saker som var viktigare for land og folk.

Stortinget vedtok på våren i 1905 ei log um eit norsk konsulatstell som skulde verta effektiv frå 1906. Kongen nekta å godtaka logi i samansett riksråd 27. mai av di han meinte ho var av unionell karakter. Dei norske riksrådane nekta å kontrasignera avgjerdi til kongen. Det norske riksstyret søkte avskil. Kongen nekta å godkjenna avskilen av di han ikkje kunde dana nytt riksstyre. Stortinget slo fast at kongen ikkje var i stand til å dana nytt riksstyre og at kongemakti difor ikkje lenger var i funksjon. Vedtaket i Stortinget var samsrøystes. No starta dramatikken og spelet millom Noreg og Sverige. Stråth kallar det sokalla 7. juni-vedtaket for fyrste

akt i unionsuppløysingi.

Den 20. juni 1905 vart det kalla inn til umframriksdag i Sverige. Nokre medlemmer i fyrstekammeret hadde gjenge inn for å nytta vald, men dei var fåe og isolerte. Det vart fremja ein moderat proposisjon for riksdagen. Denne proposisjonen såg heilt burt frå at unionen kunde haldast uppe gjennom tvangsmidlar, men hevda det svenske rettsstandpunktet som grunnlag for tingingar. Det vilde i praksis segja at det ikkje var råd for Noreg å ein-sidig løysa upp unionen. 27. juli 1905 gjorde riksdagen vedtak um at Stortingsvedtaket frå den 7. juni ikkje var gilt, og rikstinget kravde at saki anten skulde leggjast fram for eit nytt Storting eller at det skulde haldast folkerøysting um saki. Dinest laut det haldast tingingar millom dei tvo landi. Riksdagsvedtaket vart yverlevert til Noreg ved det norske riksstyret den 28. juli. Alt same kvelden vedtok Stortinget at det skulde haldast folkerøysting den 13. august. Røystesetlane var alt reiduge, so nordmennene hadde set fyre seg kva som kom til å henda.

Folkerøystingi var avgjort på fyrehand, og ikkje alt som bar til i samband med henne er like ærerikt i dag. Det var døme på at nordmenn som røysta for å halda på unionen vart utsett for yvergrep som ikkje ser gode ut i ettertid. Men når alt er medrekna var det nok ein yverveldande opinion for unionsrøystingi, og det er nok fåe både den gongen og no som vil sjå onnorleides på saki.

Etter folkerøystingi var det klårt for tingingar i Karlstad. Det norske sendelaget kom til Karlstad 30. august. Tingingane gjekk på sett og vis greidt fyre seg, men spenningane i dei tvo hovudstadene og elles i dei tvo landi var store med her-mobiliseringar og ulike samrådingar i Stortinget og millom politikarar m.m. Utfallet vart at Noreg laut leggja ned festningsanleggi i Ørje og Dingsrud (Urskog), til liks med dei nye forti ved Fredriksten. Kongsvinger festning skulde få stå, men skulde ikkje vidkast ut. Det skulde òg vera ei demilitarisert sona millom landi. Dette var dei viktigaste avgjerdene kring Karlstad-tingingane.

Noreg vart no løyst frå unionen, og neste punkt på dagsetelen var um landet skulde ha ein ny konge. Folkerøystingi for kongedømet vart haldi 12-13. november. 80 prosent av folket vilde ha kongedøme, og kong Haakon gjorde eiden til forfatningi den 27. november og vart vald til konge av Noreg av eit samrøystes Storting.

### For mykje etterpåklokskap

Stråth avsluttar med nokre oppsummerande bolkar. Det kann høva å koma med nokre umdømingar av Stråths perspektiv og tesar i boki, slik dei kjem fram innleidingsvis, undervegs og avslutningsvis.

Stråth er snar til å sjå alternative utviklingsveggar til det som vart den røynelege saga. Sumtid vert han merkt av det ein kunde kalla kontrafaktisk mani. Det eine og det andre kunde ha skjett, og me må halda alle veggar opne, fær me høyra mange stader. Stråth greider periodevis å gjeva oss gode innsikter i den svenske bakgrunnssoga som fylgde med inn i unionen, men han skjer undan viktige og kjensluge skilnader millom landi.

I motsetnad til Noreg hev til dømes ikkje Sverige nokor umfemnande millomaldersoga som nasjonsbyggjande aktivum. Sverige var mykje seinare ute enn Noreg når det galdt å skriva ned saga, det fanst ingen Snorre til hjelp og all saga fyre 1200 byggjer på usikre kjeldor. Sverige vart kristna seinare og landet hadde eit mykje mindre territorium å råda yver enn grannelandi Danmark og Noreg. Noreg hadde si stordomstid då Sverige var veik. Svenskane derimot hadde si stordomstid på 1500- og 1600- og delar av 1700-talet. Då var landet ei europeisk krigsstormakt som bolkesvis gjorde gigantiske landevinningar. Det var på denne tidi at Danmark og Noreg laut gjera landavståingar som enno vert hugsa, for Noreg sin part Jamtland, Herjedalen og Bohuslen.

Stråth peikar mange gonger på at Sverige var ein gamal stat, medan Noreg var ein ung stat. Det er formelt set rett, men det yppar snøgt ein nordmann til mot-tankar. Eit land som kann føra kongerekka si attende til 800-talet kann då ikkje utan vidare stemplast som ein ung stat utan at ein tek fleire atterhald enn det Stråth gjer. Til Stråths forsvar lyt det segjast at han ser Ernst Sars som ein av dei mest radikale og originale tenkjarane millom norske vit-skapsfolk. Han hev helder ikkje noko problem med å ettervisa at adelen var eit viktig samfundsberande sjikt i Sverige, medan bøndene hadde mykje av den same stoda i Noreg. Det lyt òg segjast at den svenske saga er sers umfangsrik og ikkje alltid like yversynleg nett i stordomstidi, difor hev nok Stråth måtta kutta ikkje lite ned på tilvisingar til den svenske stordomstidi, som samstundes fell tematisk utanfor hovudemnet i boki.

Når det er sagt, er det ikkje tvil um at både den norske og svenske bak-

grunnssoga laut ha spela ei stor rolla når det gjeld sjølvuppfatning og evna til umstilling. Det som frå svensk sida vart oppfatta som tverkenskap frå nordmennene, var nok frå norsk sida verjingsåtgjerder. Stråth er snøgg til å draga fram trugsmålet frå russarane, men nordmennene hadde psykologisk set all grunn til å ottast svenske inkorporeringar med bakgrunn i soga. Det er utan tvil sterke romantiseringar og forenkling når Stråth tykkjest å lata mange av dei svenske utspeli verta tolka i beste mening, medan nordmennene oftare vert sedde på som mistruiske og beint fram prega av negativisme.

Stråth tykkjest å vera for

uppteken av å tenkja harmoni og å understreka dei moderate kreftene. Han vil gjerne sleppa å ganga i den fella at han ikkje ser kva moglege utviklingslinor som skulde kunna ha opna seg kvar gong noko hende, men i staden for å få fram realistiske framstillingar av soga irriterar han lesaren med å presentera noko som minnar meir og meir um reine luftslott og frie fantasiar. Eit høgdepunkt er til dømes når han er uppteken av kva som kunde ha skjett dersom Karl Johan hadde gjort 17. mai til ein symbolsk feiringsdag der han sjølv reiste til Noreg og var med på feiringi.

På meg verkar det som ei gigantisk undervurdering av både det norske

folket og Karl Johans personlege sjølvkjensla. Skulde det norske folket feira den dagen då dei gjekk mot det Karl Johan hadde vunne i Kiel saman med Karl Johan? Og skulde Karl Johan setja ein strek yver både Kiel-freden, og det han hadde uppnått etterpå? Her fell Stråth i nett den fella han ikkje vilde gå i: etterpåklokskapen. Verre er det at han ikkje ser motivi og synsstaden til det norske folket og til Karl Johan. Det var ikkje tilfeldig at alle dei svenske kongane heldt seg undan Noreg på 17. mai. Um Stråth ikkje skynar det, burde nokon ha yvertydd han um dei gode grunnane både på norsk og svensk sida.

## Felti ikring oss

Av Olav Torheim

Kva slags elektriske, magnetiske og elektromagnetiske felt umgjev me oss med? Dei fleste av oss oppheld oss dagleg i eit kunstig elektromagnetisk kringvære som me ikkje tenkjer so mykje yver. Alle straumførande leidningar og elektrisk utstyr umgjev seg med elektriske og magnetiske felt. Døme er høgspenlinor, straumnetet heime, radiosendarar, varmekablar, komfyrar og datamaskinar, mikrobylgeomnar og mobiltelefonar.

### Elektromagnetiske felt

Elektromagnetiske bylgjor er sette saman av eit E-felt (elektrisk) og eit H-felt (magnetisk) som oscillerar i 90 graders vinkel i høve til einannan. Den elektriske feltstyrken gjev me upp i Volt/meter og den magnetiske i Tesla.

I det elektromagnetiske spekteret skil me millom:

*Gamma-stråling (<0,01 nm)*

*Røntgen (0,01 nm til 1 nm)*

*UV-stråling (10 nm til 400 nm)*

*Synleg ljøs (400 nm til 700 nm)*

*Infraraud stråling (700 nm til 1 mm)*

*Mikrobylgjor (1 mm til 15 cm)*

*Radio- og TV-bylgjor (15 cm til 2000 m)*

*Ekstremt lågfrekvente bylgjor (> 2000 m)*

Gammastråling, røntgenstråling og UV-stråling, det vil segja den mest høgfrekvente strålingi, er ioniserande stråling. Ved ionisering av molekyl i menneskekroppen kjenner me til mekanismen som kann gjeva kreft. Når det gjeld skadeverknader av den ikkje-ioniserande elektromagnetiske strålingi stride dei lærde. Skal me skyna kvifor sume slag stråling er ioniserande, lyt me ty til partikkelmodellen for elektromag-

netisk stråling. Det hev me ikkje tenkt å gå inn på denne gongen.

Generering av elektromagnetiske bylgjor skriv seg alltid frå elektrisk vekselstraum i ein leidar. Likestraum genererar ingi stråling, berre statiske felt. Ein straum genererar stråling frå ein leidar med di leidaren verkar som ei antenna. Utformingi på antenna er heilt avgjerande for verknadsgraden åt utstrålingi. Dersom antenna er forma som ei sløyfa, er feltstyrken  $E_D$  for det elektriske vekselfeltet proporsjonal med arealet åt sløyfa, vekselstraumstyrken og frekvensen i kvadrat:

$$E_D = K_I * \text{areal} * \text{straum} * \text{frekvens}^2.$$

Den magnetiske feltstyrken finn me uttrykt ved likningi:

$$H = E/c.$$

Intensiteten i den elektromagnetisk bylgja finn me uttrykt ved likningi:

$$P = c * e_0 * E^2.$$

Det elektriske og det magnetiske feltet i bylgja hev same energitettleik. Totalenergitettleik er gjeven av produktet  $e_0 * E^2$ .

Sidan det er variasjonar i straumstyrke som skaper elektromagnetiske felt kring ein leidar, treng det ikkje vera noko veikare elektromagnetisk felt kring ei lågspenlina enn det er kring ei høgspenlina. At det statiske elektriske feltet vil vera mykje større under høgspenlina er ei onnor sak.

### Lågfrekvente elektriske felt

Vanleg netspenning hev frekvens 50Hz. Til det lågfrekvente elektriske feltet

høyrer soleides det elektriske feltet kring høgspenlinor og elektriske apparat. Det elektriske feltet trengjer i liten mun gjennom vegetasjon, veggjar, klede osb.

I vanlege husvære er det elektriske apparat som stend for storparten av den elektriske feltdaningi. Felt frå kraftlinor utanfrå vert for det meste jorda av vegetasjon, veggjar o.l. Lågfrekvente elektriske felt trengjer i liten mun inn i kroppen. Lågfrekvente elektriske felt kann me skjerma med ein jorda metallfolie kring leidaren.

### Lågfrekvente magnetiske felt

50 Hz netspenning gjev oss eit tilsvarande lågfrekvent magnetfelt frå vekselstraum. Det magnetiske feltet trengjer gjennom alle bygningsmaterial mest upåverka.

Straumstyrke og utformingi av elektrisk utstyr er avgjerande for storleiken på det lågfrekvente magnetiske feltet. I motorar og det meste av småelektronikk vert det til dømes nytta spolar. Straumen i spolane gjeng same veg og kvar vikling forsterkar det magnetiske resultatfeltet.

Å skapa minst mogleg straumsløyfor er den greidaste måten å redusera feltdaningi på. Um me tek ei vanleg lampeleidning som døme, fører dei tvo leidarane i leidningi straumane kvar sin veg, dvs at dei er i motfase. Kvar av leidarane hev soleides motsett orienterte magnetiske felt kring seg. Når leidarane ligg tett innåt kvarandre, hevjar magnetfelti upp kvarandre. Tvinna parkabel er eit døme på korleides me kann utnyttja dette fenomenet.

Vanlege leidningar i bygningar

hev difor minimalt lågfrekvent magnetisk felt ikring seg. Men i ei høgsentlinja er fråstandet mellom leidarane for stort til at me fær tilsvarande effekt. Lågspenteleidingar med tri separate leidarar i stolpane gjev høg feltpåroyning. Derimot gjev moderne tvinna lågspenteleidingar tilnærma inkje felt. Gamle høgsentkabelar kann ha sterke felt av di leidarane vart lagde langt frå einannan. Nye høgsentkabelar hev låge felt av di leidarane ligg tett.

I ein vanleg bustad finst det ei rad kjeldor til lågfrekvente magnetiske felt, til dømes varmekablar, sikringsskåp, motorar, TV, datamaskinar, lysstoffrøyr og batterieliminators. Varmekablar av ein-leidar-slaget er den sterkaste feltkjelda i vanlege bustader. Sovorne varmekablar gjev feltpåroyning i kjellarstova og tvo etasjar upp. Ein tilsvarande tvo-leidar varmekabel gjev feltpåroyning i eit fråstand på 50 cm.

Når det gjeld lågfrekvente magnetiske felt, reknar ein med at totalpåroyningi på folket i Noreg byter seg ut slik: 25% frå høgsentnetet, 30% frå lågspenteleidingar og 45% frå kjeldor i bustaden. Det høyrer med til soga at effekten som dei lågfrekvente elektromagnetiske felti leverar er minimal.

### Statiske magnetiske og elektriske felt

Jordmagnetfeltet er på um lag 65.000 nT. Det er i storleiksorden 100 gonger høgare enn dei lågfrekvente magnetfelti i straumnetet. Statiske magnetiske felt genererer ikkje straum med mindre me flytter oss i sovorne felt. Jordyta er negativt ladd i høve til atmosfæren. Me lever i eit naturleg elektrisk felt på 100-150 V pr meter.

Sume forskarar hev freista påvisa at det elektrostatiske feltet kring høgsentlinor fører til helseskader. Jamvel um det stødt er folk som stend fram i media og klagar yver plågor og vandemål, hev det so langt ikkje late seg gjera å dokumentera eit sovore hopeheng. Dagsens regelverk tilrår eit "tryggjingsfråstand" på 10 meter for å hindra yverslag til jord, men nokre av desse forskarane tilrår eit tryggjingsavstand på 1 meter pr 1000 V. Det vil segja 250 meter frå ei 250 kV lina!

Mobiltelefonar og datamaskinar er hushaldselektronikk som det seinste tiåret hev vorte fast inventar i dei fleste norske heimar. Eg vil difor taka fyre meg dei felti som sovore utstyr umgjev seg med:

**Radiofrekvente elektromagnetiske felt**  
Radiofrekvent elektromagnetisk stråling hev bylgjelengdi frå 1 mm til 1000 km. Det svarar til frekvensane frå 300.000 MHz til 300Hz. Radiofrekvent elektromagnetisk stråling kløyver me upp i mikrobylgjor og radiobylgjor. Mikrobylgjor nyttar me i kommunikasjons- og navigasjonsteknologi, satelittkommunikasjonssystem, radar og mikrobylgjeomnar.

### Elektromagnetiske felt frå mobiltelefonar

Berre på nokre få år hev talet på mobiltelefonar i Noreg stige frå hundrad tusund til fire millionar, utan at me veit nok um dei helserelaterte langtidverknadene. Helsekader ved bruk av mobiltelefon vert rapporterte i media, men ikkje i fagpressa. Autoritative vitenskaplege røyne hev ikkje kunna ettervisa skadelege verknader, men me kann helder ikkje avvise at det kann vera skadeleg.

NMT-systemet er analogt og dei elektromagnetiske bylgjone vert sende ut kontinuerleg. Systemet sender på 450 MHz eller 900 MHz, med maksimal effekt på 1,5 W. Det vert regulert ned til ein tiandepart um sambandet er godt.

GSM-systemet er digitalt og det sender på høgare frekvens enn NMT (900 eller 1800 MHz). Men signalet er ikkje kontinuerleg, det gjeng i stutte pulsar på under eit millisekund. Snittverdet vert dimed lægre enn for NMT. Mobiltelefonen regulerar dessutan utsend effekt etter kor godt sambandet er. I tettbygde stork med stutt fråstand til basestasjonen kann effekten koma ned mot 1 prosent av maks verdi. Mange er rædde for at det skal dukka upp ein basestasjon i nærmiljøet sitt, men um dei sjølve nyttar mobiltelefon, fører det faktisk til mindre feltpåroyning med di utstrålt effekt frå mobiltelefonen gjeng ned.

Det hev òg sitt å segja at nye telefonsystem regulerar effektnivået ned i større mun enn dei eldre systemi. Dessutan vert netet av basestasjonar stødt tettare.

### Statiske og elektromagnetiske felt frå dataskjermar

Prinsippet for dataskjermen er det same som for TV-skjermen og andre skjermar. Gjennom vakuümryret sender katoden ein elektronstråle mot ein skjerm dekt av fosforcellor. Elektronstrålen vert styrd gjennom vakuümryret ved hjelp av plator eller koilar. Det finst eigne fosforcellor

for raudt, grønt og blått, og styrken på elektronstrålen avgjer kva for cellor som lyser upp. Dei elektroniske krinsane som styrer skjermen, skaper alle slags felt, både statiske elektriske, statiske magnetiske og heile spekteret av elektromagnetisk stråling.

Det elektrostatiske feltet frå skjermen vert skapt når elektroni som råkar fosforcellone byggjer upp ladningar.

### Skjermingsstrategiar

So lenge me ikkje kjenner sikkert verknadene av elektromagnetiske felt, gjer me rett i å halda oss til "Fyre var"-prinsippet. Her hev me tvo val, me kann redusera emisjonen frå kjelda eller me kann byggja Faraday-bur kring offeret.

Skal me skjerma mot høgfrekvente elektromagnetiske felt, er aluminium godt eigna. Mot den lågfrekvente lyt me ty til jarn, stål eller andre dyre metallegeringar. Til dømes er nye transformatorar som regel skjerma med ein jorda stålkasse. Soleides vert både det elektrostatiske og det lågfrekvente elektromagnetiske feltet avleidd.

Men det er ikkje stødt det let seg gjera å redusera emisjonen av felt frå eit apparat utan at det samstundes gjeng ut yver funksjonaliteten. Mikrobylgjeomenen og mobiltelefonen er døme som illustrerer problematikken. Mikrobylgjeomenen hev høg effekt (um lag 500W) og lagar til dels sterke felt med høg energitettleik, men strålingi er for det meste stengd inne i ein metallboks. Mobiltelefonen hev låg effekt (storleiksorden 1W), men denne strålingi kann ikkje skjermast um me skal ha ein brukande telefon. Løysingi her vert å nytta handsfree-sett og soleides halda antenna lengst mogleg undan. Køyrer du bil, kann du til dømes kopla inn antenna på taket. Når det kjem til sterkare sendarar, til dømes radar, kann det vera turvande å setja dei upp i master der minst mogleg feltpåroyning når bakken, og samstundes byggja eigne, avskjerma rom åt operatorane. Dei uhyggjelege observasjonane frå MTB Kvikk hev gjort mange skeptiske til strålingi frå radar.

For dei som er nøydde til å umgje seg med sterke felt på arbeidsplassen, bør det byggjast avskjerma pauserom og soverom der ein kann kvila ut i ro og fred.



## Tøyleslaus fantasi kring bibelske personar

Av Lars Bjarne Marøy

Dick Harrison

*Förrådaren, skökan och självmordaren, Historien om Judas Iskariot, Maria Magdalena,*

*Pontius Pilatus og Josef av Arimataia.*

*Bokförlaget Prisma*

*Stockholm, 2005*

*320 sidor*

Kva hev Maria Magdalens, Judas Iskariot, Pontus Pilatus og Josef av Arimataia sams? Dei fleste av lesarane kjem truleg til å kjenna att dei tri fyrstnemnde nokso snøgt, men den fjerde er det nok ikkje alle som knyter noko til. Det er den svenske historikaren Dick Harrison som aktualiserar spursmålet for oss. 2005 hev vorte eit produktivt bokår for Harrison. Ikkje berre gjev han ut den 520 sidor lange boki "Gud vill det". Han gjev òg ut bok um dei fire som er nemnde ovanfor. Boki heiter: *Förrådaren, skökan och självmordaren*, med undertittelen *Historien om Judas Iskariot, Maria Magdalena, Pontius Pilatus og Josef av Arimataia*.

Det er lett å segja kva dei fire personane hev sams. Dei er alle nemnde i bibelen. Ingen av dei er serleg mykje umtala. Kjeldesituasjonen er slik at det er vanskeleg å føra umfemnande prov for at tri av dei hev levt. Den einaste som det er yverkomeleg og greidt å dokumentera eksistensen til er Pontius Pilatus. Han var romersk domar, og det er greide etterleivnader som syner kva posisjon han hadde i det heilage landet på Jesu tid. Men det er ikkje lett å segja kva som hende med Pilatus seinare. Det finst få kjeldor som kastar ljøs yver livet hans etter at han gjekk av frå embetet sitt.

Det er klårt at menneski alltid hev havt trong for å gjera seg tankar um kjende storleikar anten frå samtidi eller frå saga. I dag er biletbladi fulle av kjendisar. I millomaldaren var bibelsoga ein viktig referansekrins for mange. Målarstykkje i kyrkja og andre stader hadde ofte bibelske motiv. Um ein gjeng på museum i dag og ser på kunst frå millomaldaren, vil ein snøgt finna mange bibelske motiv, og tradisjonen hev halde fram. Litteraturen knytt til teologi og kristendom er ovstor. Men itillegg til dette kjem det at ei rad av dei personane som er nemnde i bibelen vart umtykte som objekt for vidare diktning. Folk vilde



vita kven dei var, kva for bakgrunn dei hadde, og kva for livslagnad dei fekk. Den trongen vart styrkt av tradisjonen med helgenar, ein tradisjon som det er vandt for protestantar i Skandinavia i dag å skyna rekkjeviddi av.

Men me treng vel ikkje å grava so altfor langt ned i medvitet vårt for i minsto å finna etterleivnader etter helgenane og bibelske namn. Jonsok og Olsok-feiringi, serleg med Olavsdagane i Trondheim, syner oss klårt at landet vårt hev vore katolsk ein gong. I Bergen hev ein Maria-kyrkja, Sankt-Jakob og Johanneskyrkja. Den største helgenen er truleg Jomfru Maria, karakteristisk nok er det Maria-kyrkja i Bergen som er nærast knytt til den katolske tradisjonen.

I millomaldaren var samfundet gjennomsyra av religionen på ein heilt annan måte enn i dag. Det var fleire munke- og nonnesamfund i dei største byane, jf Nonneseterkvartalet i Bergen. Kristendomen var eit spursmål um liv eller død for mange menneske. Det var soleis kannhenda ikkje so rart at folk vilde ha svar på kven dei ulike personane i bibelen var, serleg dei som var nært knytte til Jesu død. Alle dei fire som er nemnde ovanfor spela ei sentral rolla i tilknytning til Jesu død.

Harrison hev skift boki si i fire bolkar, ein bolk for kvar av dei fire bibelske personane. I Innleiingi på kvar bolk tek han fyre seg kva dei fire evangelistane hev å segja um kvar einskild. Dinest tek han fyre seg korleis den kyrkjelege og den meir ikringliggjande myteskapingi hev ovra seg. Dei fire evangelistane er sparsame med opplysningar og sume tider beint fram motsejingsfulle eller

ordlegg seg under alle umstende slik at dei vert opne for ulike tolkingar. Det er soleis grunn til å vera kritisk til sumt av det me fær opplyst hjå dei. Mange stader lyt ein berre slå fast at me veit ikkje kva me skal tru. Me lyt halda oss til dei opplysningane me fær og so fær dei som vil, spekulera vidare.

### Judas Iskariot

Lat oss byrja med Judas Iskariot. Sjølve opphavet til namnet er umdiskutert. Det er ikkje eit stadnamn i Judea slik nokre hev trutt. Det me veit um Judas er at han slutta seg til Jesus og at han hadde ein tiltrudd posisjon millom læresveinane. Han hadde hand um kassa, det er pengane til Jesus og læresveinane. Han vert umtala i samband med påskemåltidet, og det vert fortalt um korleis han utleverte Jesus til øvsteprestane. Dinest vert det fortalt at han tok livet av seg. Samtala millom Jesus og læresveinane under påskemåltidet er merkeleg. Jesus er ikkje fordømande andsynes Judas, og læresveinane skynar ikkje kva Jesus siktar til når han bed Judas um å gå og gjera det han skal. Kva kann motivet til Judas vera, når han svik Jesus? Det økonomiske motivet er lett å forkasta. Tretti sylvpengar var ikkje meir enn det kosta å kjøpa ein slave. Det er derimot langt meir interessant å sjå etter eit religiøst/politisk motiv. Var Judas knytt til eit jødisk parti som ynskte å gjera oppreist mot romarane? Denne oppfatningi hev vorte framförd millom anna i ein film, der Judas vert framstelt som ein som trudde på oppreist og som slutta seg til Jesus av di han venta seg at Jesus skulde vera ein oppreistleidar, seinare var han desillusjonert og sveik Jesus.

Umgrepet Judas hev gjenge inn i språket vårt og hev vorte eit umgrip for ufatteleg svik. Motivnet kann ha vore pengar eller idealisme eller det kann vera andre årsaker. Men det er òg dei som hev stelt spursmål ved um det verkeleg var svik. Var det ikkje slik at Jesus laut døy og at einkvan laut utlevera honom til øvsteprestane? Me veit fint lite um dette, men forteljningane um Judas er mange.

### Maria Magdalena

Maria Magdalena hev kome sterkt i framgrunnen i det seinaste. Dan Brown og boki *Da Vinci-koden* er lykjelordi i so



måte. Denne boki hevdar millom anna at Jesus gifte seg med Maria Magdalena og at deira etterkomarar vart til eit av dei mektigaste kongehusi i Europa, eit løyndarlag skal ha vakta yver desse hendigane. Endå so hårreisande slutningane i boki er, hev ho selt i store opplag og fenge mykje umtale og gaumsemd. Harrison er totalt avvisande til heile konspirasjonsintrigen, må vita. Men han slær fast at folk tydelegvis ynskjer å verta lurde. Han reknar jamvel med at sume av dei mest ihuga tilhengjarane av bok-konspirasjonane vil sjå på Harrison sjølv som ein part av konspirasjonen mot deim.

Kven var so Maria Magdalena? Det fyrste ein gjer vel i å merka seg er at det er etter måten mange kvinner som heiter Maria, og ein må ikkje blanda deim saman. Jomfru Maria er greid å draga frå. Her hev det av opplagde årsaker ikkje vore umbytingar. Maria Magdalena hev vorte forveksla både med systeri til Marta og Lasarus og med ei namnlaus syndar kvinna som vaskar føtene til Jesus.

Maria Magdalena vert presentert i Lukasevangeliet (Luk. 8:1-3). Ho vert sagt å vera ei av dei kvinnone som fylgde med Jesus og læresveinane. Her fær me òg vita at fleire av kvinnone i fylgjet hadde vorte kurerter for vonde ånder og frå sjukdomar. Maria Magdalena hadde vore plaga av vonde ånder og sju demonar hadde fare ut or henne. Markus, Matteus og Johannes fortel at Maria var millom dei som stod attmed krossen på Golgata. Maria Magdalena og hi Maria var bae til stades under gravleggjngi av Jesus (Matt. 27:61). Mark (15:47) fortel at Maria Magdalena såg kvar Jesus vart gravlagd.

Men det er i samband med Jesu uppstoda at Maria Magdalena vert mest sentral i bibelen. Matteus skildrar kvinnone som meir passive enn dei hine evangelistane. Johannesevangeliet gjev Maria Magdalena ei serstoda. Det er i dette evangeliet at Jesus åtvarar henne mot å røyva honom. Det er til å undrast yver at evangelistane skriv um at Jesus synt seg for Maria Magdalena, men ikkje for mor si.

Ein ting er kva rolla Maria Magdalena spela i bibelen. Noko heilt anna er den mytedaningi som hev fylgd i kjølvatnet av personen. Den kanskje største innverknaden hadde Maria Magdalena for ein by i Frankrike. Byen Vézelay hadde si stordomstid frå midten av 1000-talet til midten av 1200-talet. Det vart påbyrja ei kyrkja i byen i 1096. Den

kyrkja vart 50 år seinare rekna for å vera den største i heile Frankrike. På 1100-talet var klosteret eitt av dei viktigaste pilegrimsmåli i heile Vest-Europa. Byen var sentral for heile den katolske kulturfæren.

Bakgrunnen for denne posisjonen var at paven hadde stelt seg attum at relikvia av Maria Magdalena låg i Vézelay. Ho var vernaren av klosteret. Kvifor Maria Magdalena vart vald veit ein ikkje. Det som likevel er eit faktum er at segnene um korleis Maria gjorde mirakel til æra for klosteret vart talrike. Vézelay vart eit senter der viktige religiøse samlingar kunde bera til, til dømes var det her den engelske og den franske kongen møttest for å innleida det tredje krosstoget i 1190.

Vézelay-klosteret hadde problem med å forklåra korleis Maria Magdalena kunde greida å koma frå det heilage landet til Frankrike og serleg til Vézelay. Dei var nøydde til å sjå fyre seg at ho laut ha kome sjøvegen inn i Provence òg truleg kome i land i hamnebyen Marseille. For å tryggja gravi til Magdalena mot sjørøverane hadde gravi vorte flutt nordyver.

For å underbyggja saga um Magdalena vart det skapt ei forteljing um at ho hadde vore eremitt medan ho oppheldt seg i Sud-Frankrike. Attåt dette var det ei rad segner um korleis yverfarten frå det heilage landet hadde bore til.

9. desember 1279 vart ein sarkofag i Provence opna og kompetente autoritetar slo fast at etterleivningane etter Maria Magdalena var funne. Funnet i 1279 var naturlegvis berre ein konstruksjon, til liks med dei kontruksjonane som hadde bygd upp Magdalena-dyrkingi, men funnet fekk høgst reelle fylgjor for Vézelay. Det var ein katastrofe i form av tapte inntekter frå pilegrimar og andre som høgakta kyrkja. Kongen hadde slege fast at Magdalena kvilde i det burgundiske klosteret. Det same hadde paven gjort. Kvifor lyfte ikkje provensalarane fram andre helgenar i staden for?

Munkane i Vézelay hadde vore for produktive. Dei hadde skapt so mange segner at fleire enn dei sjølve vilde hausta fruktene av arbeidet deira. Prestar, munkar og adelsmenn i Provence hadde byrja å tru på dei segnene som var skapte i Vézelay. Magdalena hadde trass i alt både levt og verka i Provence. I 1295 slo paven fast at relikvia til Magdalena heldt til i Saint Maximin og ikkje i Verzelay. Men Vézelay gav seg ikkje, og kivingi millom dei tvo byane heldt fram.

Magdalena skifte alt meir form og

med kvart som det vart skapt nye segner stod ho meir og meir fram som ei umvendt hora. Det var uvanleg at kvinner vart nemnde åleine utan å vera knytte til ein huslyd, det gjorde at folk såg på henne som eit symbol for venleik, rikdom og fridom. Ei forteljing gjekk ut på at ho skulde ha brote med ektemannen og reist til Jerusalem og drive eit bordell som sju demonar flutte inn i. Kor som er, segneframvoksteren førde til at fallne kvinner bygde sokalla Magdalena-hus som skulde hjelpa prostituerte.

Magdalena hadde etter segnene synda stort og vorte sers from etter møtet med Jesus. Ho vart difor rekna for den store botgjerarhelgenen. Høgdepunktet i Magdalena-dyrkingi nådde ein på 1400-talet og på byrjngi av 1500-talet. Magdalena vart framstelt som preikar, botgjerar (svensk: botgjererska), læresvein, mystikar og vernar. Samsvar med Bibelen fann ein berre i ein brøkdell av dei tilfelli der Magdalena vart nemnd, men ingi brydde seg med det. Målarstykki av Magdalena viste henne som ei rein sexbomba, samstundes med at dei fekk fram at ho var kjenslesam religiøst set.

Men renessanse-humanistane introduserte kjeldekritikken i Magdalena-granskingi, og det førde til at storparten av det som var sagt um henne ikkje kunde godtakast for nokre av dei lærde mennene. Men folket nekta å bøygja seg. Dei vilde ha segnene og fortejlingane for seg sjølve. Fyrst på 1800-talet greidde vitkskapsmennene for ålvor å slå fast at kulten knytt til Magdalena i Provence ikkje kunde tidfestast til nokor tid fyre kring midten av 1000-talet. Det drygde heilt til 1969 i samband med ei kalenderreform at den romersk-katolske kyrkja tok offisielt fråstand frå samanblandingi av dei tri evangeliske kvinnone og uppattnya Magdalena i den rolla som ho de facto hev i bibelen. Den katolske og protestantiske kyrkja er samde i denne saki. Den ortodokse-kyrkja hev alltid set sameleis på saki.

Det er fullvisst at sekularisering, industrialisering og urbanisering hev gjort sitt til å minka relevansen til helgenkultusen for notidsmenneski, men både i Vézelay og Saint-Maximin vyrder lokalpatriotane um "si" Maria Magdalena. Segnene og forteljingane um Magdalena vert neppe mindre etter bøker som *Da Vinci-koden*. Dessutan er det verd å merka seg at dødehavsrullane hev kasta nytt ljøs yver Magdalena, so emnet er ikkje uttømt, og Harrison hev tydeleg

havt nok stoff å taka av. Det verkar likevel som eit klokt val å halda seg til stridsmåli millom dei franske byane som nok er det viktigaste opphavet til mytedaningane kring Maria Magdalena. Det er då òg millomaldere som er hovudfokuset til millomaldersksperten.

### Pontius-Pilatus

Pontius-Pilatus er den neste Harrison studerar. Namnet hev nok gjenge inn i medvitte til alle som hev vore gjennom ein kristen konfirmasjon. Dei vil nok hugsa ordi frå trusvedkjeningi: "...pint under Pontius Pilatus, krossfest, døydde og vart gravlagd..." Harrison startar bolken um Pilatus med å syna til ei skjønnerbok av den russiske forfattaren Michail Bulgakov. Boki vart skrivi millom 1928 og 1940 og utgjevi 1966-1967. Boki tek fyre seg Pilatus og Satan som representerar tvo andelege og negative krafter. Den fyrstnemnde er fasttrøtt i tidi kring år 30 etter Kristus, medan den andre hev upphalde seg i Moskva under millomkrigstidi, der han steller til all mogleg ugreda. Boki vert varmt tilrådd av Harrison.

Harrison ser fyre seg Pilatus som eit maktmenneske som gjer vonde gjerningar, men han vert ikkje framsteld som nokon vond mann i boki til Bulgakov. Pilatus er ein vankelmodig mann som kann umtalast som moralsk feig, men nett i det ligg det som gjer han truverdige for oss. Filosofen Hanna Arendt talar um den banale vondskapen, den som er eit slag sjoffelskap som me kannhenda alle ber innum oss og som just difor er ekstra færlig. Det er ikkje den reine vondskapen som pregar oss, men medluparen og ja-segjaren sin vondskap. Det er vanleg å segja at ein berre handla på ordre og feigskapen og den vantande integriteten fær mange til løyna vondskapen. Det gjer at me i dag ikkje er langt undan den posisjonen Pontius Pilatus var i.

I millomaldaren hadde ein eit perspektiv som mest er burte i dag. Ein interesserte seg for kva som hende med Pilatus. I mange av millomalderssegnene tok Pilatus livet av seg. Etter millomaldartradisjonen var den som tok livet av seg forbanna. Bannstøytingi kunde gå utyver umverdi i og med at ho, um ho var sterk nok, attraherte demonar og resulterte i oska, ljon, storm og hagel. Kvar ein enn sagdest å flytja på leivnadene etter Pilatus i segnene - anten det var frå Tibern til Rhône til Genevesjøen eller til ei hola

høgt uppe i alpanane - so sveiv fordømingi og bannstøytingi yver Pilatus og skulde halda fram med å sveva yver honom som myrke skyer, guddomeleg unåde i ævors æva.

I dag tenkjer me ikkje på Pilatus som sjølvmodar. Me kann heller ikkje tenkja oss til alle dei fylgjone eit sjølvmod kom til å få i millomaldaren. I vår tid tok til dømes Hitler livet av seg, utan at det gjorde noko um på vår oppfatning av honom av den grunn. I dag er Pilatus kort og godt den mannen som dømer Jesus, korkje meir eller mindre.

I motsetnad til andre bibelske personar veit me radt mykje um Pilatus. Han var romarsk guvernør og gjorde røynelege avtrykk i den tids skriftlege kultur, so vel i form av eigne innskrifter som i form av hatske personschildringar frå fiendslege jødiske skribentar. Forskarane hev soleis vendt seg til Pilatus som ein person det er råd å finna ut noko um. Pilatus er òg interessant med umsyn til korleis den romarske provinsstyringi bar til.

Det biletet historikarane kunde dana seg av Pilatus veksla mykje etter kva kjeldeval ein gjorde. Dei kristne evangelietekstene var lenge rådrinke. I byrjingi på 1900-talet vart eit kriste og positivt bilete framherskande. Pilatus såg ut til å vera ein kompetent guvernør som gjorde den jobben han var sett til å gjera. Denne oppfatningi vart derimot utbodi etter 2. verdskrigen, då dei jødiske kjeldone - skrifter av Philon av Alexandria og Flavius Josephus m.fl kom i brennpunktet for analysane. I utgangspunktet var Pilatus styrd av Sejanus som var Roms sterke mann på 20-talet. Pilatus hadde til oppgåva å provosera fram motstand millom jødane slik at det vart råd å få sendt ut troppar som kunde slå ned oppreisten. Etter Sejanus fall vart Pilatus si stoda uviss, og difor vart han vaklande i høve til Jesus. I nyare tid hev forskarane vore delte når det gjeld denne utleggjingi. Sejanus vart sturta på ordre frå keisar Tiberius i år 31. Pilatus heldt fram som guvernør i Judea i 5 år. Han kann soleis ikkje ha vore serleg upopulær korkje frå keisaren si sida eller frå folket i Judea si sida.

Pilatus vert nemnd ved nokre høve i Bibelen. I Lukas (Luk. 3:1-2) vert han nemnd for å tidfesta det som skjer. Pilatus vert nemnd i (Luk. 13:1 i samband med røynelege eller ventande oppreistfreistnader. Det vert òg sikta til Pilatus som maktfullkomen statthaldar (Luk. 20:20), utan at Pilatus vert nemnd med namn.

Men viktigast av alt er det at Pilatus vert skildra i samband med rolla som domar i pasjonsforteljingi. Pilatus vert dessutan nemnd hjå Timoteus og i Apostelgjerningane.

I ettertid hev tvo jødiske forfattarar havt eit meir negativt bilete av Pilatus enn dei kristne. Dei tvo jødiske forfattarane er Josephus og Philon. Harrison meiner at det vert for lett å berre meina at grunnen til det negative biletet kjem seg av at jødane var okkuperte og at det soleides var naturleg at dei jødiske forfattarane skreiv negativt um Pilatus av den grunn. Det er grunn til å tru at Philon hev teikna eit standardbilete av ein tyrann som det er liten grunn til å lita på.

Josephus kann ha ynskt å framstella Pilatus som ein lekk i ein kjede mot det ulukkelege nederlaget mot romarane i år 70 etter Kristus. Um ein ser burt frå Josephus sine eigne vurderingar, kann ein tvert um tolka Pilatus som eit kompetent romarsk maktmenneske, han hadde rett nok ikkje varme kjenslor for undersåtane. Han herskar med fast hand, men er fleksibel nok til å skyna det når han hev brote med tradisjonane til jødane.

I ettertid er biletet av Pilatus svært mangslunge i ulike luter av verdi. I Etiopa vert Pilatus sedd på som ein helle. I vesten vert han på 200 og 300-talet stempla som sjølvmodar. Det er nokre namnlause forteljarar som let til å ha spreidd denne oppfatningi. Soga um at han som drap Jesus tok livet av seg vart rett og slett ei so god soga at ho spreidde seg av den grunn. Pilatus vart til den feige i den vesteuropeiske forteljartradisjonen. Maktmennesket som evar seg for å taka andsvar. Den menneskelege arketypen.

### Josef av Arimataia

Josef av Arimataia er vel kannhenda den bibelske personen i boki som er minst kjend millom folk flest. Han vert berre nemnd i samband med gravferdi til Jesus. Han vert nemnd av alle evangelistane og av det dei skriv kann me slå fast fylgjande: Han var ein rik og påbyrd jøde frå ein stad som heitte Arimataia og han må ha trudd på Jesus. Han var dessutan i stand til å få utlevert Jesus for å gravleggja honom. I dei apokryfe skriftene byrjar han å verta umtala. Han hev mest aldri nokor hovudrolla, og hev rolla som god kristen og trudomsvitne, soleis er det livet hans etter at han vert kristen som vert mest interessant.

Det er i Glastonbury som ligg i Som-

ersert i den sudvestre luten av England at Josef av Aramataia for ålvor byrjar å verta innblanda i forteljingar som sit djupt planta i religiøse mytedaningar. Glastonbury hev i dag vorte merkt av forteljingar knytte til samankoplingar millom den heilage gral og kong Artur m.m. Det hev gjort staden til eit Mekka for aktivistar i rørslor som Ny Tid (New Age), rocceentusiastar med fleire. Noko av skuldi for dette hev det konstruerte biletet av Josef av Arimataia.

Det finst idear um at Jesus grunnlagde den fyrste kyrkja i Storbritannia i Glastonbury. Nokre tiår seinare skal Josef av Arimataia ha yverteke for å halda fram arbeidet til Jesus. Den tanken skal lysa gjennom i ein av dei meste kjende songane på øyriket, som er skriven av William Blake. Gjenom antikken og millomaldaren fekk Josef av Arimataia ein viktigare og viktigare funksjon i mange forteljingar. Han vert framsteld som ein uredde læresvein som ikkje ottast forfyljarar. Desse forteljingane gjorde Josef av Arimataia tilgjengeleg for dei som vilde dikta vidare.

Notidsmenneske vil knyta den heilage gralen til saga um Kong Artur og riddarane av det runde bordet. Riddarane var på jakt etter gralen, og dette var det siste store eventyret fyre kongen fall. Det er klårt at søgekongen Artur ikkje hev eksistert. Harrison gjeng gjennom skrifter i perioden 400-800 som er sers kjeldefatig i britisk saga, og han finn ingi spor etter nokon kong Artur. Det er fyrst i 1130 at Geoffrey av Monmouths skriv ei fantasosaga um dei britiske kongane, *Historia Regum Britanniae*. Soga vert utvikla og fekk sin spesielle karakter i høg- og millomaldaren. Den fiktive verdi som vart skapt med forteljingi um Artur var eit landskap der det lett kunde leggjast til nye element.

Det var utvikla segner um den heilage



*Maria Magdalena og Jesus utanfor den tome gravi.*

gralen på 1100- og 1200-talet, men dei vart aldri sanksjonerte av kyrkja. Likevel var det ingen som rekna gralssegni for å vera kjettarskapsprega. Segni vart tolerert av kyrkja, men ikkje godteki. Sidan gralsfenomenet var nyuppfunne var det ingi faste mynster eller tradisjonar å taka omsyn til.

Fyrste gongen ein høyrer um gralen er i 1180. Den franske diktaren Chrétien De Troyes gjev då ut det ufullførde verket *Conte del Graal*, Chrétiens hjálte, *Perceval le Gallois*. Her vert gralen framsteld som ei fager skål eller eit djupt fat, utsmykka med gull og juvelar, det vert bore av ei ung gjenta. Ei onnor gjenta gjeng med eit fat, og ein ung mann gjeng med ein lanse som det renn blod av. Ei tolking kann vera at lansens symboliserer den lansens som vart stukken inn i Jesus under krossfestingi og at gralen symboliserer ein kalk. Seinare dana det seg ei

oppfatning av at gralen inneheldt Jesu blod. Boki *Conte del Graal* vart sers umtykt og fekk mange framhaldsforteljingar knytte til seg. Tidleg på 1200-talet kjem Josef av Arimataia inn i forteljingane. Frå moderne framstillingar veit me at gralen vert sagt å ha undergjerande verknader, noko Harrison ikkje ser ut til å gjera noko stort nummer av. Det som iallfall er heilt klårt er at fabuleringane hev vunne hevd i fiksjonsverdi og i populærkulturen. Indiana Jones, Donald Duck og Monty Python hev alle vore innum temaet. Det syner kva makt fantasien kann ha yver mange menneske.

Harrison er ein historikar som er uvanleg grundig. Det er langt frå alle historikarar som idest å nytta sluttnotar når dei skriv populariserte framstillingar, men Harrison gjer det. Han hev evna til å starta der folk er og føra dei gradvis inn i det handverket som søgefaget er. Det gjer at han er lesverdig både for historikarar og lekfolk. Tanken attum denne boki er både einfeld og genial. Gjenom å taka utgangspunkt i noko me alle kjenner, Jesu død, fører Harrison oss inn emnet med utgangspunkt i tvo sentrale personar som dei fleste kjenner att med ein gong, Pilatus og Judas, og tvo meir perifere personar, Maria Magdalena og Josef av Aramataia. Alle i hop er dei meir eller mindre sidefigurar. Det som bind dei saman er Jesu død, soleides er dei ufråcomelege. Biletet av Jesu død og oppstoda, slik som me kjenner det, vilde verta svært ufullstendig um me fjerna deim. Derimot vilde det gjera lite til eller frå um me fjerna deim frå resten av evangelia. Harrison hev laga eit puslespel som er både fascinerande og lærerikt. Det er ikkje av di det kastar noko nytt ljøs yver bibel-soga, men av di det syner at desse fire personane i alt var so sentrale at folk laut få vita meir um dei. Fantasien let seg ikkje tøyla.

*Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

## Sluttordet:

*Gode gjerde gjev gode grannar.*

Robert Frost